

**nynorsk • kultursentrum**



# Årsmelding og rekneskap 2008

*Ivar Aasen-tunet  
Dei nynorske festspela  
Nettstadene*

# Innhald

## **STYRETS ÅRSMELDING**

### **1. 2008: Veksten 3**

- 1.1 Økonomisk resultat 3
- 1.2 Bygningar og anlegg 3
- 1.3 Gjester og brukarar 3
- 1.4 Fagleg innhald 3
- 1.5 Utstillinger 4
- 1.6 Dei nynorske festspela 4
- 1.7 Kulturprogram 4
- 1.8 Kafé, utleige, butikk 4
- 1.9 Samla resultat 2000–2008 4
- 1.10 Varig tiltak for mangfald 4

### **2. Visjon, verdiar og oppgåver 4**

- 2.1 Visjon 5
- 2.2 Verdiar 5
- 2.3 Forretningsidé 5
- 2.4 Merkevare 5
- 2.5 Mål 5
- 2.6 Mål 2009–2012 5
- 2.7 Slagord 5
- 2.8 Namnebruk 5
- 2.9 Strategi 5
- 2.10 Viktige uløyste oppgåver 5

### **3. Drift 6**

- 3.1 Resultat 6
- 3.2 Datterselskap 6
- 3.3 Administrasjon 7
- 3.4 Vidare drift 7

### **4. Disponering av resultat 7**

### **5. Rekneskap 8**

- Resultatrekneskap 8
- Balanse 9
- Notar 11
- Revisjonsmelding 13

## **ADMINISTRASJONENS ÅRSRAPPORT**

### **1. Organisasjon 14**

- 1.1 Råd 14
- 1.2 Styre 15
- 1.3 Administrasjon 15

- 1.4 Verneombod 16
- 1.5 Rekneskap og revisjon 16
- 1.6 Stiftingar og aksjeselskap 16
- 1.7 Lokalt lønssystem 16
- 1.8 Medlemsskapar 16
- 1.9 Verv og representasjon 17
- 1.10 Nynorsk Forum 17
- 1.11 Fehn-forum 17
- 1.12 Litteraturnettverket 17
- 1.13 Ivar Aasen-instituttet 17
- 1.14 Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (NSNIO) 17
- 1.15 Andre samarbeidspartnarar 17
- 1.16 Planar som styringsreiskap 18

### **2. Staden 18**

- 2.1 Uteområdet 18
- 2.2 Bygningar og anlegg 18
- 2.3 Utescene 19
- 2.4 Ny tilkomst frå E39 19
- 2.5 Forankring i vertskommunane 19
- 2.6 Ivar Aasen-tunet i Venezia 20

### **3. Dokumentasjon og formidling 20**

- 3.1 Arkiv og bibliotek 20
- 3.2 Samlingar 21
- 3.3 Innkjøpte kunstverk 22
- 3.4 Dokumentasjon og forsking 22
- 3.5 Eigne dokumentasjonsprosjekt 22
- 3.6 Eksterne dokumentasjons- og forskingsprosjekt 23
- 3.7 Nynorskbasen 23
- 3.8 Artikkelarkivet 24
- 3.9 Foredrag 24
- 3.10 Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet 24
- 3.11 Andre trykte og elektroniske skrifter 25
- 3.12 Vår eiga institusjonshistorie 25
- 3.13 Fagleg representasjon 25
- 3.14 Jon Fosse-arkivet 27
- 3.15 Publikumssørvis 28

### **4. Utstillingar 28**

- 4.1 Basisutstillinga 28
- 4.2 Temautstillingar 28
- 4.3 Vandrustillingar 28
- 4.4 Undrande og skapande 29
- 4.5 Rom for litteratur 29

<b>5. Tilbod til barn og unge</b>	<b>29</b>	10.4 iTicket	42
5.1 Tunkatten Lurivar	30		
5.2 Standard skuletilbod	30		
5.3 Den kulturelle skulesekken i tunet	31		
5.4 Den kulturelle skulesekken på turné	31		
<b>6. Arrangement</b>	<b>32</b>		
6.1 Dei nynorske festspela	32		
6.2 Kulturprogram	34		
<b>7. Kafé og butikk</b>	<b>35</b>		
7.1 Kafé	35		
7.2 Utleige	36		
7.3 Butikk	36		
7.4 Nettbutikk	36		
7.5 Vareutval	37		
<b>8. Nettstadene</b>	<b>37</b>		
8.1 aasentunet.no	37		
8.2 tunkatten.no	37		
8.3 garborgnett.no	38		
8.4 Besøk og bruk	38		
8.5 Nettbiblioteket	38		
8.6 Allkunne	38		
<b>9. Informasjon</b>	<b>39</b>		
9.1 Presse og kringkasting	39		
9.2 Trykksaker	39		
9.3 Annonsering	40		
9.4 Reiselivssamarbeid	40		
9.5 Skilting i tunet	40		
<b>10. Gjester</b>	<b>40</b>		
10.1 Gjesteprofil	41		
10.2 Opningstider	41		
10.3 Billettprisar	41		
<b>11. Økonomi</b>	<b>42</b>		
11.1 Investeringar	42		
11.2 Drift	42		
11.3 Prosjektilskot	43		
11.4 Samarbeidsavtalar	43		
11.5 Samfunnsrekneskap	44		
<b>12. Perspektiv 2013</b>	<b>44</b>		
12.1 Ein nasjonal kulturinstitusjon	44		
12.2 Ein kulturinstitusjon i dialog med mange land	45		
12.3 Årets nynorskbrukar	45		
12.4 Stortingsmeldingar om språkpolitikk	45		
12.5 Kulturelt mangfald	46		
12.6 Språkpolitisk demografi	46		
12.7 Språk i barnehøgd	46		
12.8 Den kulturelle skulesekken	46		
12.9 Digital nynorsk	47		
12.10 Lærermiddel på nynorsk	47		
12.11 Høyringsfråsegner	47		
12.12 Institusjonsbygging	47		
12.13 Endringar i Ivar Aasen-tunet	48		
12.14 Språkåret 2013	48		

## **VEDLEGG**

<b>Statistikk 2008</b>	<b>49</b>
<b>Kulturprogram 2008</b>	<b>50</b>
<b>Dei nynorske festspela 2008</b>	<b>58</b>
<b>Temautstillingar 2000–2008</b>	<b>65</b>
<b>Årstalar 2000–2008</b>	<b>66</b>

*Framsida*

Utescena, stabburet og gamletunet 17.4.2008. (Foto Gaute Øvereng/Ivar Aasen-tunet)

# STYRETS ÅRSMELDING

## 1. 2008: Veksten

2008 blei eit år med sterk vekst for Nynorsk kultursentrum og med større aktivitet på alle område enn nokon gong før.

Med ny tunbjørk og ny utescene kom juvelen på plass i det smykket Ivar Aasen-tunet er. Omsetninga auka med 10 %. Vi hadde 35 % fleire gjester på arrangement og utstillingar, 33 % fleire unike nettstadbrukarar og 39 % fleire gjester på tilboda våre for born og skuleelevar.

Det samla kulturprogrammet gav mange kunstnarlege og faglege høgdepunkt. Særleg styrkte vi tilbodet til born i form av tunkatten Lurivars nettstad med Tunkattens songbok. Også det språkfaglege arbeidet heldt som vanleg høg kvalitet, og nådde vidare ut i 2008 enn før.

Vi etablerte to nasjonale nettverk i 2008: Fehn-forum for dei seks musea med bygningars teikna av Sverre Fehn, og Litteraturnettverket for litterære museum.

Vi er det vi gjer, men i 2008 ville vi for mykje. Alle prioriterte prosjekt blei gjenomførte, men nokre kosta meir enn vi hadde rekna med.

### **1.1 Økonomisk resultat**

Med slitesterkt, målretta og lojalt arbeid frå alle tilsette auka omsetninga med 10 % til 13,3 millionar kr i 2008. Drifta gav eit underskot på 230 778 kr, mot eit overskot på 77 028 kr i 2007. Dette reduserte eigenkapitalen til 255 305 kr. Marginane for drifta er framleis for små.

I 2008 fekk vi for første gong dei rammevilkåra vi årleg har søkt om frå Kultur- og kyrkjedepartementet. Statstilskotet utgjorde i 2008 68 % av driftsinntektene. Eigeninntektene var på 4,6 millionar kr. Så store midlar har vi ikkje skaffa sjøve før.

### **1.2 Bygningar og anlegg**

Vi investerte i bygningar og anlegg for over 3,1 millionar kr. Ny utescene blei bygd i

samsvar med framdriftsplan og budsjett. Det same gjeld for nytt tak på stabburet, utført etter retningslinjene for antikvariske bygningar.

H.K.H. Kronprins Haakon opna utescena 30.4., og planta samstundes ny tunbjørk. Då stod også stabburet ferdig med nytt tak.

Sverre Fehn og Ivar Aasen-tunet blei tildele A.C. Houens fonds diplom for framifrå arkitektur. Denne fremste utmerkinga for arkitektur i Noreg gav institusjonen eit nytt løft.

### **1.3 Gjester og brukarar**

Heile 22 300 personar gjesta arrangement og utstillingar, mot 16 700 i 2007. Det vil seie at vi hadde 35 % fleire gjester i 2008 enn året før. Over 6400 eller 29 % av desse var born og unge.

Nettstadene hadde 286 000 unike brukarar med til saman 699 000 viste sider. Vi hadde såleis åtte gonger fleire brukarar på nettstadene enn vi hadde gjester på arrangement og utstillingar.

Nynorsk kultursentrum er blitt ein nasjonal kulturinstitusjon med solid lokal forankring. Av 211 arrangement i 2008 var 73 % i Ivar Aasen-tunet, som året før. I 2008 var vi aktive i 34 kommunar i seks fylke. 13 av desse kommunane var nye.

### **1.4 Fagleg innhald**

Samlingane utgjorde ved årsskiftet vel 56 700 einingar. Av dette var 28 % tilfredsstillande registrerte.

I 2008 la vi ut vel 1000 nye tekstdokument på nettstaden. Til saman kunne publikum velje mellom 8150 digitale tekstdokument. Særleg vellykka var Tunkattens songbok med 49 barnesongar, 20 av dei nyskrivne.

Tilsette publiserte i 2008 47 artiklar, skrifter og foredrag, mot 27 i 2007. Direktøren heldt den 8. årstalen om tilstanden for nynorsk skriftkultur: ”Språk i barnehøgd”.

Arbeidet med å utvikle nynorsk kvalitetsinnhald på Internett og eit allment digitalt

leksikon på nynorsk, heldt fram i 2008. Frå august tok Allkunne AS over prosjektet.

16 større og mindre forskings-, dokumentasjons- og formidlingsprosjekt var i gang med tilknyting til samlingane våre. ÅmliAvisa v/redaktør Inger Stavelin fekk prisen *Årets nynorskbrukar 2008*.

Artikkellarkivet i Ivar Aasen-tunet inneholdt ved årsskiftet 6340 artiklar om 820 personar, institusjonar og organisasjonar, mot vel 5800 klipp eit år tidlegare.

## 1.5 Utstillingar

Utstillingane auka omsetninga med 9 % frå året før til 1 220 000 kr.

Elevprogramma *Det undrande språket* og *Katta i sekken* var særskilt viktige i 2008. 4751 elevar og lærarar var med på desse programma, mot 1971 i 2007.

I 2008 laga vi to nye temautstillingar, ein ny forfattarpresentasjon og om lag 85 aktualitetsopplag i basisutstillinga. Som før var det noko nytt i basisutstillinga kvar opningsdag.

10 eldre og nyare temautstillingar blei viste som vandreutstillingar på 21 stader.

## 1.6 Dei nynorske festspela

Dei nynorske festspela er no solid posisjonert i norsk kulturliv, men vi slit med små økonomiske marginar. Omsetninga fall med 6 % frå 2007 til 1,6 millionar kr. Resultatet blei eit underskot på 41 000 kr mot eit underskot på 28 000 kr i 2007.

Både i kunstnarleg kvalitet og publikumsoppslutning var festspela svært vellukka, med 6200 gjester og 190 utøvarar på 61 arrangement. Av dette stod Vårspela i april for 500 gjester på 11 arrangement.

## 1.7 Kulturprogram

Kulturprogrammet auka omsetninga med 22 % frå 2007 til 543 000 kr, men gav 124 000 kr i underskot. Dette heng særleg saman med opninga av utescena. Utanom Festspela gjennomførte vi 58 opne kulturarrangement i 2008, mot 77 året før. Over 500 utøvarar var involverte og samla i kulturprogrammet.

## 1.8 Kafé, utleige, butikk

Kafeen og butikken vokste vidare også i 2008 og auka omsetninga med heile 39 % til

1 632 000 kr. Drifta gav eit samla overskot på 231 000 kr.

## 1.9 Samla resultat 2000–2008

Til no har vi hatt 166 000 gjester og 2 033 000 nettstadbrukarar. 2,2 millionar personar har altså nytta tilboda våre.

Etter ni driftsår har verksemda elles resultert i dette:

- 56 700 bøker, skrifter, foto og tradisjonelle gjenstandar i samlingane
- 1583 arrangement med 6300 utøvarar
- 21 ulike temautstillingar har vore lånte ut som vandreutstillingar 104 gonger i 17 fylke
- 8150 tekstdokument på nettstadene ved årsskiftet
- Arrangement og/eller utstillingar i 104 kommunar i 17 fylke
- 281 turnéframstyringar av elevprogramma *Det undrande språket* og *Katta i sekken* for 7903 elevar og lærarar
- Tre av ti gjester er barn og unge

## 1.10 Varig tiltak for mangfold

Vi legg stor vekt på å gi mykje tilbake til fellesskapen og vere til nytte for mange. Vi skal fylle både ei lokal, ei regional og ei nasjonal rolle. Institusjonen ønsker å spele ei konstruktiv rolle i samarbeidet mellom arkiv, bibliotek og museum, og er blitt viktig både i nasjonale og regionale nettverk.

Nynorsk kultursentrum går inn i det tiande driftsåret for tun, festspel og nettstader med fagleg ekspansjon, fornya formidling og digital kvardag som strategiske grep i arbeidet med å bli endå meir til nytte for publikum i inn- og utland.

Ei systematisk, fagleg gjennomtenkt og utoverretta samlingsforvalting er grunnlaget for heile verksemda.

## 2. Visjon, verdiar og oppgåver

Styret fastsette i 2007 visjon og verdiar for Nynorsk kultursentrum. Ved den årlege

drøftinga i 2008 gjorde styret eit par små justeringar.

## 2.1 Visjon

*Nynorsk, sjølvsgart, når som helst og kor som helst.* Vi er drivne av visjonen om eit samfunn der det er sjølvsgart å vere og bli verande nynorskbrukar, og der det er sjølvsgart at nynorsk kan brukast i alle situasjonar.

## 2.2 Verdiar

*Ekte, modig, overraskande.* Verdiane viser kven vi er, kva vi vil vere og kva som pregar det daglege arbeidet vårt: Vi utfordrar fordommar om norsk språkpolitikk, vi ønskjer å overraske ved å sjå etter nye løysingar på gamle spørsmål, og publikum skal vite at vi er til å stole på.

## 2.3 Forretningsidé

*Kunnskap og opplevingar som gjer det lettare å vere nynorskbrukar.* Driftsgrunnlaget vårt er å vere den viktigaste formidlaren av nynorsk identitet og sjølvtillit. Det vi gjer underveis til visjonen, skal vere med og auke den allmenne toleransen og respekten for nynorskbrukarane.

## 2.4 Merkevare

*Ivar Aasen.* Alle som har gått i norsk skule har eit bilet av Ivar Aasen, ingen kan fortelje hans historie på den måten vi kan, og signaturen hans pregar hovudbygningen vår. Alt spring ut frå Ivar Aasens liv og verk, han representerer summen av verdiane våre og var den første som formulerte visjonen vår.

## 2.5 Mål

Nynorsk kultursentrum arbeider for tre mål:

1. Gjere det lettare å vere nynorskbrukar
2. Styrke den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane
3. Skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur

## 2.6 Mål 2009–2012

*Ein kulturinstitusjon i dialog med mange land.* Dette gir retninga for verksemda fram mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013.

## 2.7 Slagord

*Ivar Aasen-tunet – målet for alle.* Slagordet har vore i bruk sidan sommaren 1999.

## 2.8 Namnebruk

Styret vedtok i 2008 at namnebruken skal forenklast. Frå 1.1.2009 blir Ivar Aasen-tunet til vanleg brukt om både arrangør, utstillingsprodusent og reisemål. Frå same tid blir skrivemåten Dei nynorske festspela innført.

## 2.9 Strategi

Strategien vår er at Nynorsk kultursentrum skal vere den institusjonen alle vender seg til som ønskjer informasjon og dokumentasjon av nynorsk språk og skriftkultur, og nyttekning om språk- og kulturpolitiske strategiar. Dette inneber at

- a) Ivar Aasen-tunet skal vere målet for alle og ein attraktiv stad for fagleg baserte tilbod av typen arrangement og utstillingar,
- b) Dei nynorske festspela skal vere ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen, og at
- c) [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) skal vere den beste nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur.

Måla våre er allment viktige og peikar i retning av nasjonale oppgåver som vi prøver å løyse. Vi har svært vide samarbeidsflater, er ein offentleg aktør som av andre blir oppfatta som truverdig, påliteleg og løysingsorientert, og vi driv ei samla verksemد som er mindre stadbunden enn hos mange alm-institusjonar vi kan samanliknast med. Kvart år gir vi ulike publikumstilbod ei rekke stader i landet i form av kulturprogram eller utstillingar.

Nynorsk kultursentrum legg til grunn at ein nasjonal museumspolitikk treng eit knippe museum som kvar for seg og til saman kan tryggje fagleg kompetanse på nasjonalt nivå. For vår del er dette forankra i dei storingsdokumenta som låg til grunn for storingsvedtaket i 1995 om å skipe Ivar Aasen-tunet som eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter.

## 2.10 Viktige uløyste oppgåver

Nynorskbrukarane er den veikaste parten i den språkdelte norske kulturen. Fleire utviklingsdrag får særlege følgjer for desse:

Det absolutte talet på *elevar med nynorsk som hovudmål i grunnskulen* er stabilt, men prosenttalet har gått ned frå 16,5 % i 1990 til 13,4 % i 2008. Sjølv om truleg fleire av desse blir verande nynorskbrukarar lenger enn det som var vanleg før, er dette urovekkjande, særleg i lys av dei store demografiske endringane med sterkt folkevekst i storbyane.

For nynorskens del er det mindre tale om domenetap enn at det er *ein del domene der nynorsk enno ikkje har fått fotfeste*. Innanfor kultursektoren gjeld det dei største riksavisene, veke- og fagpressa, filmindustrien og det meste av underhaldningsindustrien, særleg den som er retta mot born og unge.

Så godt som *alle nynorskinstitusjonar er små* og med liten tilgang til privat kapital. Dei har dermed dårlege føresetnader for å møte ein situasjon med hardare tevling mot kommersielle bokmålsaktørar på sine felt. Alle tunge nysatsingar i desse institusjonane er avhengige av offentleg finansiering og politisk velvilje. Nynorsk kultursentrum er ein konsekvent tilhengjar av målretta samarbeid mellom institusjonar.

Den nynorske skriftkulturen treng *nye store tiltak* for å tryggje og styrke sin eigen posisjon. Slike nyvinningar må ikkje gå på kostnad av etablerte institusjonar og ordningar som er velfungerande og som har vist seg å vere føremålstenlege. Både ein del generelle støtteordningar og meir selektive tiltak må haldast oppe og styrkjast, viss det skal gi meining å tale om at begge dei norske skriftspråka skal haldast i hevd.

Styresmaktene har mykje dei må ha gjort for å skape røyndom av *den systematiske styrkinga* av nynorsk skriftkultur som eit breitt fleirtal i Stortinget føresette i 2004.

Det er nødvendig å utvikle ein *ny, overordna, framtidsretta argumentasjon* for nynorskens plass i landet. Drøftingane i styre og råd, arbeidet i Nynorsk Forum og ikkje minst årstalane om tilstanden for nynorsk skriftkultur gir på kvar sine måtar bidrag til ein slik argumentasjon.

Nynorsk kultursentrum prioriterer initiativ og tiltak som oppfyller måla våre. Vi ser desse oppgåvene som særleg viktige:

1. Gjere *Allkunne* til eit allment og fullgodt digitalt oppslagsverk.
2. Følgje opp dei språkpolitiske prinsippa i språkmeldinga *Mål og mening*
3. Utdjupe, presisere og målrette dei viktigaste tiltaka i meldinga
4. Utvide og avklare verkeområdet for mållova
5. Styrkje tilbod på nynorsk og dialekt for born i massemedia og barnehagar
6. Løyse lærermiddelsaka ein gong for alle frå og med skuleåret 2009/2010
7. Realisere planane for Jon Fosse-arkivet

Det overordna perspektivet vårt er å realisere planane om Språkåret 2013, og med dette både fornye forfattarjubileet som prosjekt og gjere 200-årsjubileet for Ivar Aasen til ei storhending.

Nynorsk kultursentrum er blitt ein institusjon til å rekne med, og berre vi sjølve kan syte for at vi blir verande ein slik institusjon. Dei forventningane og behova vi møter, gjer det nødvendig å arbeide slik at vi kan tilfredsstille dei auka krava til kvalitet på tenestene og tilboda våre som følgjer av dette.

## 3. Drift

Med ei omsetning på 13 316 000 kr blei 2008 eit sterkt vekstår med mange nye tiltak og tilbod, men med negativt driftsresultat. Driftskapitalen er mykje mindre enn den bør vere. Målet er å etablere drifta med ein egenkapital på om lag 1 million kr. Det treng vi for å tolle svingingar over tid.

Forretningsideen til Nynorsk kultursentrum er basert på ei mangslungen verksemد med høg kvalitet som kjennemerke.

Nødvendige vedlikehaldsoppgåver blei gjennomførte i 2008.

### 3.1. Resultat

Omsetninga i 2008 var på 13,3 millionar kr mot 12,1 millionar kr året før. Rekneskapen syner eit underskot på 231 000 kr etter fi-

nansinntekter, mot eit overskot på 77 000 kr i 2007. Den positive eigenkapitalen er dermed redusert til 255 000 kr.

### 3.2 Dotterselskap

Nynorsk kultursentrum skipa saman med Det Norske Samlaget det tilknytte selskapet Allkunne AS i 2008. Aksjekapitalen på 100 000 kr er delt likt mellom dei to aksjeeigarane. Føremålet er utvikle og drive digitale kunnskapsbasar på nynorsk. Selskapet har forretningsadresse i Ørsta. Styreleiar var Arild Thorbjørnson.

### 3.3 Administrasjon

Vi hadde medarbeidarar i 11 faste stillingar og engasementsavtalar med 26 andre medarbeidarar. Til saman utførte desse 13,0 årsverk. For første gong i institusjonens historie blei diverre ein medarbeidar yrkesskadd i meldingsperioden. Det samla sjukefråværet for fast tilsette utgjorde 5,1 % av den samla arbeidstida, mot 5,6 % i 2007.

Nynorsk kultursentrum fører ein målretta likestillingspolitikk som gir resultat. Tre av sju styremedlemmer i 2007 var kvinner, og rådsordføraren var kvinne. I leiargruppa sat ei kvinne og tre menn, og i dei faste stillingane sat det ved utgangen av 2008 seks kvinner og fem menn. Ved nytilsetjing prioriterer Nynorsk kultursentrum formelle og reelle kvalifikasjonar, men vi ser også til at det over tid blir verande eit balansert forhold mellom tal på kvinner og menn i staben, på same måten som vi lønskjer variasjon i alder, geografi, sosial bakgrunn og fagprofil.

Det var fysisk universell tilkomst til hovudbygningen, utekafeen, utescena, tunbjørka, Aasen-bautaen og Galleriet i 2008.

Verksemda til Nynorsk kultursentrum er i hovudsak vanleg kontordrift, og fell difor innanfor det lova om forureining tillet. Verksemda har ikkje skadd eller påverka det ytre miljøet i 2008. Søppel frå kontordrifta har vore sortert i papir og ikkje-papir, dessutan spesialavfall. Nynorsk kultursentrum har i 2008 ikkje levert produkt som kan skape noko miljøproblem.

### 3.4 Vidare drift

Grunnfondskapitalen er på 230 000 kr. Denne kapitalen står på renteberande konto i Sparebank1 Volda Ørsta.

Vidare drift er lagd til grunn for rekneskapen for 2008.

Oppstillinga nedanfor gir eit rett bilet av utvikling, resultat og stilling for Nynorsk kultursentrum. Tala er i 1000 kr.

	2006	2007	2008
Omsetning	10 624	12 114	13 316
Resultat	120	77	- 231
Eigenkapital	399	486	255

## 4. Disponering av resultat

Årsunderskotet på 230 778 kr går til frådrag i eigenkapitalen. Etter dette hadde stiftinga ved årsskiftet ein eigenkapital på 255 305 kr.

*Hovdebygda, 31. desember 2008/24. mars 2009*

Oddvar Haugland, *leiar*

Georg Arnestad

Sigrun Høgetveit Berg

Jon Fosse

Målfrid Snorteland

Margit Walsø

Gaute Øvereng

Ottar Grepstad, *direktør*

# RESULTATREKNESKAP for 2008

## Stiftinga Nynorsk kultursentrum

### DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER

	Note	2008	2007
Tilskot frå Kulturdep. o.a.	1	9 773 893	9 791 335
Sal av varer		2 074 714	1 214 702
Billettsal		767 869	716 252
Sponsorinntekter og annonser		532 211	270 714
Andre inntekter		167 195	121 091
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>13 315 883</b>	<b>12 114 094</b>

Varekostnader		830 380	591 157
Lønskostnader m.m.	4	6 427 896	5 873 418
Leigekostnader		205 358	126 819
Udstyr og driftsmateriell, straum		1 007 722	1 261 066
Reparasjonar og vedlikehald		438 462	510 813
Reise/opphold		1 086 574	825 250
Honorar	4	1 415 433	888 794
Marknadsføring		884 933	852 057
Ymse kontorkostnader/porto m.m.		582 614	582 575
Ordinære avskrivingar	6	129 774	183 946
Andre driftskostnader		619 546	449 083
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>13 628 691</b>	<b>12 144 979</b>

<b>Driftsresultat</b>		<b>-312 808</b>	<b>-30 885</b>
-----------------------	--	-----------------	----------------

### FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER

Renteinntekter		89 737	109 695
Rentekostnader		-7 707	-1 781
<b>Netto finanspostar</b>		<b>82 030</b>	<b>107 914</b>

<b>Resultat før ekstraord. inntekter og kostnader</b>		<b>-230 778</b>	<b>77 028</b>
---	--	-----------------	---------------

<b>Årsoverskot (+) / Årsunderskot (-)</b>		<b>-230 778</b>	<b>77 028</b>
---	--	-----------------	---------------

### OPPSKRIVINGAR OG OVERFØRINGAR

Overføringar annan eigenkapital	5	-230 778	77 028
Sum oppskrivingar og overføringar		<b>-230 778</b>	<b>77 028</b>

**BALANSE per 31. desember**  
**Stiftinga Nynorsk kultursentrum**


<b>EIGEDELAR</b>	<b>Note</b>	<b>2008</b>	<b>2007</b>
<b>Anleggsmiddel</b>			
Utekafé, -scene og stabbur	<b>6</b>	695 384	101 014
Datautstyr	<b>6</b>	491	41 682
Inventar og utstyr	<b>6</b>	158 976	117 509
Aksjar i tilknytta verksemd	<b>7</b>	50 000	-
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>904 851</b>	<b>260 205</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
Varelager	<b>3</b>	305 836	318 380
Kundar	<b>2</b>	98 309	117 420
Andre krav	<b>2</b>	984 662	98 032
Bank, kasse (bundne midlar: 175.426)		615 263	2 514 763
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>2 004 069</b>	<b>3 048 594</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>2 908 921</b>	<b>3 308 799</b>

**BALANSE per 31. desember**  
**Stiftinga Nynorsk kultursentrum**

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2008	2007
<b>Eigenkapital</b>			
Grunnfond		230 000	230 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>230 000</b>	<b>230 000</b>
Annan eigenkapital (+) / udekt tap (-)		25 305	256 083
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>5</b>	<b>255 305</b>	<b>486 083</b>
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Banklån		0	0
<b>Sum langсiktig gjeld</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		460 819	297 667
Trekk og offentlege avgifter		389 414	434 196
Påkomne kostnader		1 207 388	621 602
Periodiserte tilskot		595 994	1 469 252
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>2 653 617</b>	<b>2 822 717</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>2 653 617</b>	<b>2 822 717</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>2 908 921</b>	<b>3 308 799</b>

Ørsta, 31.12.08  
24.03.2009

I styret for  
**STI Nynorsk kultursentrum**

  
**Oddvar Haugland**  
 styreleiar  
  
**Målfrid Snørteland**  
 styremedlem  
  
**Gaute Øvereng**  
 styremedlem

  
**Georg Arnestad**  
 styremedlem  
  
**Sigrun Høgetveit Berg**  
 styremedlem

  
**Jon Fosse**  
 styremedlem  
  
**Margit Walsø**  
 styremedlem  
  
**Ottar Grønstad**  
 direktør

Som revisor i stiftinga kan vi stadfeste at tilskotet  
 frå Kultur- og kyrkjedepartementet er nytta i samsvar med  
 føresetnadene i tildelingsbrevet frå departementet.

**Arvid Hovden**  
 statsautorisert revisor

# NOTAR for 2008

## Stiftinga Nynorsk kultursentrum

### **Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra nedanfor.

### **Hovudregel for vurdering og klassifisering av egedelar og gjeld**

Egedelar som er bestemt til varig eige eller bruk, er klassifiserte som anleggsmiddel.

Andre egedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta ikkje å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskriven som følgje av renteendring.

### **Inntektsføringsprinsipp**

Off. tilskot til drifta vert inntektsførde i same periode som desse er meint å dekkje frå tilskotsgivar. Prosjektinntekter vert periodiserte til inntekt i takt med gjennomføring av prosjekta. Utbetalte tilskot for prosjekt, som ikkje er oppstarta, vert såleis balanseførde som forplikting. Andre inntekter vert inntektsførde ved opptering for tenester og på leveringstidspunktet for selde varer.

### **Note 1**

#### **Offentlege tilskot**

	<b>2008</b>	<b>2007</b>
Kultur- og kyrkjedepartementet	9 090 000	8 090 000
Tilskot frå Møre og Romsdal fylke	81 000	113 000
Tilskot frå Ørsta og Volda kommunar	110 000	100 000
Tilskot Norsk Kulturråd	75 000	368 203
Andre offentlege tilskot	0	293 740
Andre tilskot	417 893	826 393
<b>Sum tilskot</b>	<b>9 773 893</b>	<b>9 791 335</b>

### **Note 2**

#### **Andre krav**

Krava er verdsette til pålydande og forfell innan 1 år.

### **Note 3**

#### **Varelager**

Varelageret er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

### **Note 4**

#### **Lønskostnad, tal på tilsette m.m.**

	<b>2008</b>	<b>2007</b>
Lønskostnad	4 943 481	4 419 175
Folketrygdavgift	793 185	706 784
Oppg.pl. honorar	395 596	427 476
Pensjonsytingar	239 018	215 877
Andre ytingar	56 615	104 106
	<b>6 427 896</b>	<b>5 873 418</b>
Gjennomsnittleg tal på fast tilsette (årsverk)	13,0	12,1
Mindre deltidssstillingar kjem i tillegg		

**NOTAR for 2008**  
**Stiftinga Nynorsk kultursentrum**

<b>Ytingar til leiande personar</b>	Dagleg leiar	Styreleiar	Styre-medlemmer
Løn, honorar og liknande	623 465	53 000	84 176

**Revisor**

Kostnadsfört revisjonshonorar for 2008 utgjer kr 22.600,- u/mva. Honorar for revisjonsrelaterte tilleggstenester utgjer kr 24.800,- u/mva.

Stiftinga har pensjonsordningar i Statens pensjonskasse. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, løsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda. 11 tilsette (inkl. deltidsstillingar) er med på denne ordninga. Pensjonsordninga fyller krava til OTP.

**Note 5**

**Eigenkapital**

Grunnkapital 31.12.

	<b>2008</b>	<b>2007</b>
	<b>230 000</b>	<b>230 000</b>
Annan eigenkapital (+) / udekt tap (-) 01.01.	256 083	179 055
Årsresultat	-230 778	77 028
Sum annan eigenkapital (+) / udekt tap (-) 31.12.	<b>25 305</b>	<b>256 083</b>
Sum eigenkapital 31.12.	<b>255 305</b>	<b>486 083</b>

**Note 6**

**Tilskot til inventar/utstilling og bygg**

Kostpris 01.01.  
+ Tilgang  
- Avgang  
- Tilskot - akkumulerte tal per 31.12  
Akk. avskrivningar 31.12.

**Bokført verdi 31.12**

**Avskrivningar i år**

Avskrivingssats

<b>Inventar/ utstilling</b>	<b>Amfi/ute- kafe/utescene/ stabbur</b>	<b>Bygg</b>	<b>Sum</b>
9 822 682	1 368 440	43 800 000	54 991 122
105 619	2 968 801	0	3 074 420
0	0	0	0
-8 824 041	-3 584 500	-43 800 000	-56 208 541
-944 793	-57 357	0	-1 002 150
<b>159 467</b>	<b>695 384</b>	<b>0</b>	<b>854 851</b>
<b>105 343</b>	<b>24 431</b>	<b>0</b>	<b>129 774</b>
10-20%	10 %		

Stiftinga har i 2002 fått vederlagsfrei heimelsoverføring frå Staten på den faste egedomen. Dette bygger på ein føresetnad om at nybygget ikkje skal omsettast. Dette er i samsvar med § 9 i vedtekten for stiftinga, der det heiter at "den rørlege og urørlege egedomen til stiftinga kan ikkje avhendast, med mindre det følgjer av gjenstandens art eller føremålet med å tilegne seg gjenstanden". Som følgje av dette er verdien oppført til kostpris kr 0,- for stiftinga, men slik at byggjekostnaden er vist i oppstillinga ovanfor og med tilsvarende sum som tilskot.

**Note 7**

**Aksjar i tilknytta selskap**

Stiftinga har teikna 50% av aksjane i Allkunne AS som har forretningskontor i Ørsta kommune.

Dette selskapet er nyskipa i 2008 og årsrekneskapen er ikkje ferdigstilt per d.d. Aksjane er bokførde til kostpris.

**Til styret i  
Stiftinga Nynorsk kultursentrum**

## **REVISJONSmelding FOR 2008**

Vi har revidert årsrekneskapen for Nynorsk kultursentrum for rekneskapsåret 2008, som syner eit årsunderskot på kr 230.778,-. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til dekning av årsunderskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg er nytta ved utarbeidingsa av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar i stiftinga. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre forhold i samhøve med revisorlova og lov om stiftingar.


Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna revisjonsstandarar vedtekne av den Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjonen også ein gjennomgang av forvaltninga av formula og rekneskaps- og intern kontroll-systema i stiftinga. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter, og gir eit rettvisande bilet av stiftinga si økonomiske stilling 31. desember 2008 og for resultatet i rekneskapsåret som er i samsvar med god rekneskapsskikk i Noreg
- leiinga har oppfyllt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram, og framlegget til dekning av årsunderskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Vi har ikkje fått kjennskap til noko tilhøve som tilseier at forvaltninga og utdelingar i stiftinga ikkje er gjennomført i samsvar med lov, føremålet til stiftinga og vedtektenes elles.

Ørsta, den 24. mars 2009  
Hovden & Vatne

  
Arvid Hovden  
statsautorisert revisor

HOVUDKONTOR:	AVD. KONTOR	
Ørsta, Vikegt. 5 Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00 • Faks: 70 04 59 01	Volda, Halkjelsgt. 1 Postb. 345, 6101 Volda Tlf.: 70 07 69 33	Eid, Lotevegen 21 Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16

# ADMINISTRASJONENS ÅRSRAPPORT

## 1. Organisasjon

Nynorsk kultursentrum er ei ideell stiftning med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Stiftinga eig og driv desse tiltaka:

- Ivar Aasen-tunet
- Dei nynorske festspela
- Nettstadene [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no), [www.garborgnett.no](http://www.garborgnett.no) og [www.tunkatten.no](http://www.tunkatten.no)

### 1.1 Råd

21 stiftarar står bak Nynorsk kultursentrum. Kvar stiftar utnemner for to år om gongen ein medlem og ein varamedlem til rådet i Nynorsk kultursentrum. Fleire stiftarar følgde ikkje opp desse utnemningane i tide i 2008.

Rådet hadde desse medlemene i 2008 (utnemningsperiode i parentes):

#### *Kommunar og fylkeskommunar*

Hordaland fylkeskommune: Mette Holmefjord Olsen (2007–2011), vara Kjersti Toppe (2007–2011)

Møre og Romsdal fylke: Reidun Klock Tjervåg (2003–2011), vara Olav Hauge (2007–2011)

Rogaland fylkeskommune: Jarle Braut (2007–2011), vara Ragnhild Osmundsen (2007–2011)

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Liv Henjum (2007–2011), vara Finn Før sund (2007–2011)

Volda kommune: Gunnar Strøm (1999–2007), vara Reidun Heimen Heltne (2003–2007)

Ørsta kommune: Jostein O. Mo (2008–2011), vara Hjørdis Almelid Vikenes (2008–2011)

#### *Forsknings- og utdanningsinstitusjonar*

Ivar Aasen-instituttet: Jan Inge Sørbø (2006–2007), vara Stephen J. Walton (2006–2007)

Høgskulen i Volda: Terje Aarset (2006–2007), vara Reidun Aambø (2003–2007)

Møreforsking: Else Ragni Yttredal (2006–2007), vara Geir Tangen (2006–2007)

Møre Folkehøgskule: Odd A. Steinvåg (1993–), vara ikkje oppnemnd

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet: Gunnar Foss (2005–2007), vara Steinar Gimnes (2005–2007)

Universitetet i Bergen: Johan Myking (2005–2006), vara Knut S. Vikør (2005–2006)

Universitetet i Oslo: Kristian Emil Kristoffersen (2005–2009), Rolf Theil (2005–2009)

Universitetet i Tromsø: Gulbrand Alhaug (2008–2009), vara Aud Kirsti Pedersen (2008–2009)

#### *Kulturinstitusjonar*

Det Norske Samlaget: Audun Heskestad (2006–2009), vara Guri Vesaas (2006–2009)

Det Norske Teatret: Ola E. Bø (1993–), vara Kristin Eikli (1993–)

Sunnmøre Museum: Norvald Øye (2007–2008), vara Heidi Thöni Sletten (2007–2008)

#### *Målrørsle*

Noregs Mållag: Grete Riise (2001–), vara Steinulf Tunsgesvik (2001–)

Noregs Ungdomslag: Aud Solveig Malmedal (2008–2011), vara Gunhild Berge Stang (2008–2011)

Landssamanslutninga av nynorskkommunar: Jan Magne Dahle (2003–), vara Vidar Hoviskeland (2001–)

Vestmannalaaget: Svein E. Kvamsdal (2000–), vara Kjell Inge Bjørke (2000–)

Arbeidsoppgåvene for rådet er desse:

1. Sjå til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet.
2. Vedta fråsegner om alle spørsmål som vedrører stiftinga, men ikkje som bindande pålegg til styret.

3. Oppnemne to styremedlemer med varamedlemer til styret i Nynorsk kultursentrum.
4. Gjere framlegg til styret om val av revisor for Nynorsk kultursentrum.

I tillegg drøftar rådet aktuelle faglege spørsmål etter behov.

Rådsordførar var Grete Riise. Ottar Grepstad var sekretær.

Rådet hadde to møte og handsama i alt 23 saker, mot 12 året før. Utanom tilsynsfunksjonen var dei viktigaste sakene årstalen, jubileumsstrategi 2013, fylkeskommunane som språkpolitiske aktørar og digital publisering.

## 1.2 Styre

Styret har sju medlemer. Staten v/Kultur- og kyrkjedepartementet utnemner fire medlemer og to varamedlemer i nummerert rekjkjefølge, rådet vel to medlemer og éin varamedlem, og dei tilsette vel éin medlem og éin varamedlem.

Frå og med 2008 avsluttar det sitjande styret handsaming av årsmelding og rekneskap. Styret i 2008 var:

*Oppnemnde av Kultur- og kyrkjedepartementet  
28.4.2006–31.12.2009*

Oddvar Haugland, Oslo, leiar (utnemnd første gongen 2006)

Målfrid Snørteland, Hafsfjord (utnemnd første gongen 2004)

1. varamedlem: Astrid Forland, Bergen (utnemnd første gongen 2006)

*Oppnemnde av Kultur- og kyrkjedepartementet  
1.1.2008–31.12.2011*

Georg Arnestad, Sogndal (utnemnd første gongen 2008)

Sigrun Høgetveit Berg, Tromsø (utnemnd første gongen 2008)

2. varamedlem: Bente la Force, Hamar (utnemnd første gongen 2008)

*Vald av rådet 1.1.2008–31.12.2011*

Jon Fosse, Bergen (vald første gongen 2008)

*Valde av rådet 1.1.2006–31.12.2009*

Margit Walsø, Oslo (vald første gongen 2002)

Varamedlem for rådsvalde styremedlemer: Terje Kjøde, Ørsta (vald første gongen 2006)

*Vald av dei tilsette 1.1.2008–31.12.2009*

Gaute Øvereng, Volda (vald første gongen 2008) med vara Ingrid I. Opdal, Volda (fast medlem 2006–2007)


Rådsordførar Grete Riise møtte som observatør på møta.

Styret hadde fire møte og handsama i alt 69 saker, mot 66 året før. Utanom budsjett, søknad om statstilskot, rekneskap og årsmelding var dei viktigaste sakene utescene, stillingsstruktur, visjon og verdiar, jubileumsstrategi 2013, *Nynorsk digitalt leksikon* og langtidsplanar for ulike delar av drifta.

## 1.3 Administrasjon

I 2008 hadde Nynorsk kultursentrum arbeidsavtale med 41 medarbeidarar, mot 31 året før. Desse utførte 13,4 årsverk mot 12,1 i 2007. Av dette stod dei fast tilsette for 10,7 årsverk, mot 10,1 i 2007.

**Figur 1. Årsverk 2000-2008**



Desse 15 var fast tilsette eller tilsette i vikariat i 2008:

- Ottar Grepstad, direktør
- Formidlingsleiar Kjersti Markegård Bæ (frå 29.5.)
- Administrasjonssjef Magni Hjertenes Flyum
- Eirik Helleve, dokumentasjonsleiar (til 31.8.)
- Milan Ilic, kjøkkenleiar
- Knut-Johann Skogstrøm Jørgensen, driftsleiar
- Kirsti Langstøy, bibliotekleiar

- Marit Neergaard, formidlingsleiar (til 31.8.)
- Ingrid I. Opedal, tunvert
- Alice Ødegård Rotevatn, vikar administrasjonssekretær (til 31.8.)
- Anne Marta Vinsrygg Vadstein, vikar formidlingsleiar (til 26.2.)
- Åshild Widerøe, programansvarleg
- Garte Øvereng, informasjonsleiar
- Anders Aanes, engasjement dokumentasjonsleiar (frå 1.8.)
- Oddny Nupen Aarflot, administrasjonssekretær (omsorgspermisjon til 31.7.)

Desse 20 var tilsette i engasjementsstillingar og utførte heile 3980 timeverk i 2008, mot nær 2900 timeverk året før:

- Maria Bjørlykke
- Kristin Bolstad
- Cato Brunstad
- Eli Randi Henjum
- Solveig Styve Holte
- Zorica Kujačić
- Ingrid Aasen Lødemel
- Anne Tørudstad Mork
- Lars Ivar Nordal
- Øystein H. Opedal
- Elisabeth Rotevatn
- Ingeborg Widerøe Rotevatn
- Solveig Skrede
- Marte C. W. Solheim
- Sissela Stråbø
- Grunde Andreas Grepstad Thorheim
- Camilla A. Vik
- Birte Ytrestøy
- Aslaug Marit Øyehaug
- Åsne Kalland Aarstad

Desse seks var engasjerte til elevframsyningane *Det undrande språket* og *Katta i sekken*:

- Kristin Bolstad
- Unn Catodotter Fyllingsnes
- Runar Gudnason
- Eirik Helleve
- Hilde Myklebust
- Aslak Strønen

Det samla engasjementet for desse utgjorde 146 dagsverk eller 1100 timer.

Frivillige utførte 0,2 årsverk, som i 2007.

## **1.4 Verneombod**

I permisjonstida til verneombod Oddny Nupen Aarflot var Milan Ilic fungerande verneombod. Nytt val blir gjennomført våren 2009.

## **1.5 Rekneskap og revisjon**

Rekneskapen blei ført av Voldaregnskap i Volda. Revisor var Hovden & Vatne Statsautoriserte Revisorar AS v/ Arvid Hovden.

## **1.6 Stiftingar og aksjeselskap**

Nynorsk kultursentrum er støttestiftar i Stiftinga Rasmus Løland-markeringa 2007–2011.

Nynorsk kultursentrum eig aksjar for 50 000 kr i Allkunne AS.

## **1.7 Lokalt lønssystem**

Nynorsk kultursentrum og Forskerforbundet gjorde 1.12.2008 avtale om eit lokalt lønssystem som gjeld for alle tilsette, og som byggjer på alternativ B i museumsovereinskomsten i Handels- og Servicenæringerenes Hovedorganisasjon.

## **1.8 Medlemsskapar**

Nynorsk kultursentrum var i 2008 medlem av desse 14 institusjonane og organisasjonane:

- Nynorsk Forum (frå 1997)
- BIBSYS (frå 2000)
- Norges Museumsforbund (frå 2000)
- Musea i Møre og Romsdal, MIMR (frå 2000)
- Norsk Kulturhus Nettverk, NKN (frå 2000)
- Ørsta reiselivslag (frå 2000)
- ICOM Norge (frå 2003)
- Landslaget for lokal- og privatarkiv, LLP (frå 2003)
- Norsk bibliotekforening (frå 2004)
- Norsk kulturarv (frå 2004)
- Norske festivaler (frå 2005)
- Destinasjon Ålesund & Sunnmøre (frå 2005)
- Handels- og Servicenæringerenes hovedorganisasjon, HSH (frå 2008)
- Norsk Barneblad (frå 2008)

### **1.9 Verv og representasjon**

- Nynorsk Forum: Ottar Grepstad (leiar, 1997–)
- Fagråd ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa: Ottar Grepstad (2005–)
- Forum for nynorsk i skulen: Ottar Grepstad (2005–)
- Utdanning i Volda: Ottar Grepstad (2005–)
- Fagrådet for Ivar Aasen-instituttet: Øyvind Glosvik (2006–2008)
- Styringsgruppe for hundreårssoga til Det Norske Teatret: Ottar Grepstad (2006–)
- Styret i Musea i Møre og Romsdal: Ottar Grepstad, styremedlem (2007–2009)
- Styret i Norske Festivaler: Åshild Widerøe, varamedlem (2007–2009)
- Rådet for Falturiltu barnelitteraturfestival: Magni Hjertenes Flyum (2008–)
- Varamedlem styret i Ørsta Reiselivslag: Magni Hjertenes Flyum (2008)
- Fehn-forum: Magni Hjertenes Flyum (leiar), Ottar Grepstad (2008–)
- Styremedlem i Allkunne AS: Magni Hjertenes Flyum (2008–)
- Litteraturnettverket: Ottar Grepstad (leiar), Magni Hjertenes Flyum, Anders Aanes, Kirsti Langstøy (2008–)
- Interimstyre Jon Fosse-arkivet: Ottar Grepstad (2008–)

### **1.10 Nynorsk Forum**

Nynorsk Forum er eit samarbeidsorgan for 22 nasjonale, nynorske institusjonar, organisasjonar og bedrifter. Forumet arbeider særleg med erfaringsutveksling, kompetanseutvikling og samordning av tiltak, ikkje minst prioriteringar i dei årlege statsbudsjetta.

Nynorsk Forum hadde fem møte i 2008 og handsama i alt 29 saker. Utanom statsbudsjettet var nynorsk i kvardagen for born, nynorske læremiddel og planar om ei ny-norsk nettavis dei viktigaste sakene.

Nynorsk kultursentrum leidde også i 2008 arbeidet i Nynorsk Forum.

### **1.11 Fehn-forum**

Seks museum har byggverk skapte av Sverre Fehn. Desse ligg i Horten, Oslo, Hamar, Alvdal, Ørsta og Fjærland. Etter initiativ frå

Nynorsk kultursentrum møttest leiinga ved alle musea i Oslo 9.6. og etablerte Fehn-forum. Føremålet er å sikre erfaringsutveksling for førebyggjande tiltak, utvikle kompetanse, samarbeide om marknadsføring og eventuelt utvikle felles produkt. Musea møttest minst ein gong i året, og administrasjonssjef Magni Hjertenes Flyum leier forumsarbeidet.

### **1.12 Litteraturnettverket**

I samsvar med avtale med ABM-utvikling etablerte Nynorsk kultursentrum 7.11.2008 Litteraturnettverket. Dette skal utvikle aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar som legg vekt på kritisk refleksjon og skapande innsikt, og som gjennom samarbeid styrker litteraturens plass i Noreg. Ved årsskiftet var 13 litterære museum med.

### **1.13 Ivar Aasen-instituttet**

For Nynorsk kultursentrum er Ivar Aasen-instituttet ein vedtektfesta samarbeidspartner. Omfanget av samarbeidet vil variere over tid, og i 2008 hadde vi få fellestiltak.

### **1.14 Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (NSNIO)**

NSNIO rettar seg først og fremst inn mot lærarar, Nynorsk kultursentrum mot elevane. Denne arbeidsdelinga blei praktisert også i 2008, men utan fellesprosjekt.

### **1.15 Andre samarbeidspartnarar**

Nynorsk kultursentrum representerer ein komplett abm-institusjon som driv både arkiv, bibliotek, museum, festival og nettstad, og som har drive ulike nettverk like sidan 1997. Vi blei ei konsolidert eining alt i 2000 då vi tok over ansvaret for det som truleg er det eldste personmuseet i landet, Ivar Aasen-museet.

Nynorsk kultursentrum har mange ulike brukarar av våre tenester og vår kompetanse, og vi samarbeider på ulike måtar med svært mange institusjonar og miljø. Det kjem jamt fleire førespurnader utanfrå om samarbeid, råd og hjelp. Vi er ikkje i den situasjonen at vi må by oss fram, men tvert om i aukande grad velje kritisk kva vi kan og bør engasjere oss i av initiativ og førespurnader utanfrå.

Dei fleste tiltaka Nynorsk kultursentrum gjennomfører, involverer såleis ulike samarbeidspartnarar. Årleg har vi jamleg og målretta kontakt med godt over 60 institusjonar, organisasjonar og verksemder som er spreidde på mange fylke landet over. Vi er med i både lokale, regionale, nasjonale og internasjonale nettverk.

### **1.16 Planar som styringsreiskap**

Nynorsk kultursentrum har utvikla og reviderer regelmessig desse ni langtidsplanane som styringsdokument for verksemda (siste vedtak i parentes):

- Sikring og bevaring (2008)
- Samling og dokumentasjon (2005)
- Utstilling og formidling (2006)
- Nettstader (2007)
- Dei nynorske festspela (første gong 2008)
- Kulturprogram (første gong 2009)
- Marknadsføring og informasjon (2008)
- Butikk (2007)
- Kafé (2008)

Alle planane blir drøfta og godkjende av styret, dei fleste med to års mellomrom.

## 2. Staden

Med Ivar Aasen-tunet rår Nynorsk kultursentrum over eitt av dei vakraste museumsanlegga i landet. Då H.K.H. Kronprins Haakon opna utescena og planta ny tunbjørk 30.4., var anlegget komplett.

Sverre Fehn og Ivar Aasen-tunet fekk 3.4.2008 den fremste heideren for arkitektur i Noreg, A.C. Houens fonds diplom

Vi legg stor vekt på å utføre reparasjonar og stå for eit jamleg vedlikehald som tek vare på denne unike staden. I 2008 blei det gjennomfort fleire store vedlikehaldsprosjekt.

I alle utbetrinigar inne og ute rådfører vi oss med arkitekt for å vere sikre på at løysingane blir optimale både fagleg og økonomisk.

### **2.1 Uteområdet**

Nynorsk kultursentrum eig fem bygningar og eit 30 mål stort uteområde i Ivar Aasen-tunet. Dette kulturlandskapet er sterkt knytt til den nynorske kulturhistoria og byd på ein autentisitet som gjer sterke inntrykk på mange.

Storebjørka i Aasen-tunet var det nynorske tuntreet, og ved sida av Kongebjørka i Molde den mest kjende bjørka i landet. Den gamle bjørka blei teken ned i 2005, men då var Biri planteskole alt i gang med å klone genetiske kopiar. H.K.H Kronprins Haakon planta 30.4. ein av desse på same staden som den gamle stod. Trass i tidleg lauvfall meiner Biri planteskole at den nye bjørka greidde seg bra det første året.

Bjørkene ved inngangen til uteamfiet blei tekne ned fordi dei stod i vegen for bygginga av den nye utescena. Fire store greiner på boketreet mellom Galleriet og Stabburet blei også fjerna. Dette gav eit opnare og vakrare tun.

Kontinuerleg skogtytning er nødvendig for at beitelandskapet nedanfor tunet ikkje skal gro att. I 2008 blei ein del skog ovanfor uteamfiet og ned mot Indrehovdevegen fjerna. Dette gjorde hovudbygningen mykje meir synleg frå E39.

### **2.2 Bygningar og anlegg**

A.C. Houens fonds diplom er ein fagpris som blir delt ut etter innstilling frå landsstyret i Norske Arkitekters Landsforbund for ”fremragende, selvstendige og arkitektonisk gjennomførte arbeider”. Prisen blei første gongen delt ut i 1904. Til no er berre 95 bygningar blitt heidra slik, og av dei ligg 83 i byar.

Hovudbygningen i Ivar Aasen-tunet er ikkje berre ein av dei vakraste bygningane i landet, men også ein komplisert bygning med krevjande tekniske anlegg. Jamleg vedlikehald og dagleg tilsyn blei prioritert høgt også i 2008. I tillegg til jamleg vask av betongen må treverket takast vare på.

Stabburet er det einaste huset frå Ivar Aasens tid som enno står i tunet. Truleg blei huset sett opp før 1800, og hausten 1968 blei det lagt nytt tak: eternitt under, torv oppå. Dette var tungt og blei etter kvart

stygt og vanskeleg å holde i orden. Inge Kolas AS fjerne det gamle torvtaket og eternitten etter forskriftene og la nytta tak som stod ferdig i april 2008. Arbeidet blei utført i samsvar med antikvariske retningslinjer, og det er nok første gongen dette er blitt gjort med taket.

Etter ein idé frå tidlegare styreleiar Kari Bjørke fekk Galleriet ny inngang til opninga av utescena. Døra og tilkomsten er teikna av Arkitektfirmaet Hille & Strandskogen, univarselt utforma og godkjend av fylkeskonservatoren. Galleriet fekk også restaurert sidedøra mot utescena og nye takrenner. Resultatet er at det er som om vi har fått eit nytta hus i tunet, og eit utstillingslokale som høver godt for temautstillingane våre.

I spørsmål kring utbetring og vedlikehald hadde administrasjonen også dette året kontakt med arkitektfirmaet Hille & Strandskogen. Henrik Hille og Ervin Strandskogen var dei nærmaste medarbeidarane hans i arbeidet med Ivar Aasen-tunet 1996–2000. Samarbeidet sikrar at særtrekka i tunet blir ført vidare og ikkje skipla.

### 2.3 Utscene

Den nye utescena frå 2008 er juvelen i smykket Ivar Aasen-tunet. Utscena med amfiet har gjort den eldste aktive stemneplassen i landet til det mest kompakte og komplette anlegget for kulturopplevelingar.

Ei provisorisk utescene blei bygd i timane før opninga i 2000. Det var ikkje meiningsa at den skulle bli ståande i mange år. Det var heller aldri sagt noko om korleis ei permanent utescene burde vere. Eit forprosjekt med tekniske krav og behov hadde administrasjonen klart i desember 2003.

No var ikkje Sverre Fehn yrkesaktiv lengre. I samråd med Sverre Fehns arkitektkontor gjekk oppdraget til Hille & Strandskogen, som presenterte sitt framlegg til løysing 20. september 2005.

Vi føresette at stål skulle vere eitt element i konstruksjonen. Arkitektane la fram ei løysing i stål og glas som både tok opp i seg grunnlinjer frå hovudbygningen og introduserte noko nytta. Provisoriet på 40 m<sup>2</sup> skulle no bli ei utescene på 77 m<sup>2</sup>. Med små justeringar blei skissene frå 2005 realiserte, med

byggjestar 10.12.2007 og overtaking 25.4.2008.

Berekonstruksjonen i det glasdekte taket er seks ståldragarar på til saman 18 tonn. Dei er festa til eit tre meter djupt og fjellfast fundament med 30 boltar. Kvar av dei boltane går ein meter ned i fjellet og kan bere 50 tonn. Mellom ståldragarane funklar 12 mm tjukt glas i regn og sol. Scenegolvet skal tote både sludd og frost og varme, og er difor bygt på same måten som småbåtmarinaer.

Med Ottar Skare som byggjeleriar gjekk byggjarbeidet raskt og effektivt; han var i 1998–2000 byggjeleriar for den nye hovudbygningen. Kritisk blei det først tidleg i mars 2008. Då seig stålkonstruksjonane, kvar på tre tonn, saman i knekken. Det måtte tenkjast fort, og ei forsterking som ikkje braut med arkitekturen i scena blei produsert av Ørsta Stål i påskeveka.

Hovudentreprenøren Volda Bygg leverte ferdig utescene 28.4., berre fire dagar etter avtalt ferdigdato. H.K.H. Kronprins Haakon opna scena 30.4.

### 2.4 Ny tilkomst frå E39

Det nye Eiksund-sambandet blei opna i februar 2008. Med dette følgde ei omlegging av E39 som gav ei betre og tryggare avkjørsel til Aasen-tunet. Plasseringa av nye skilt blei ikkje slik vi ønskte, men resultatet var likevel positivt. 2008 var første året med brune attaksjonsskilt, og i publikumsundersøkinga frå sommarsesongen viste heile 9 % til informasjon frå vegskilt.

Med Indrehovdevegen som tofeltsveg fram til parkeringsplassen vår fekk vi betre høve til parkering på toppdagane. I praksis representerer dette svært mange ekstra parkeringsplassar. Arbeidet med å utvide eigen parkeringsplass på eigen grunn heldt likevel fram.

Saman med utvida rutetilbod på Ørsta-Volda lufthamn, Hovden førte Eiksund-sambandet til at Ivar Aasen-tunet blei liggjande endå meir sentralt, ved ei av dei viktigaste rundkjøringane på Nordvestlandet.

### 2.5. Forankring i vertskommunane

Både Volda og Ørsta er vertskommunar, og det har heile tida vore viktig for oss å ha nær

kontakt med desse. I 2008 hadde vi fleire kontaktmøte for å førebu kronprinsbesøket og opninga av utescena. Begge kommunane var vertskap for middagen for kronprinsen.

Nynorsk kultursentrum samarbeider både med kommunar, skular og næringsliv i begge vertskommunane. Det er tydeleg at mange ser på oss som ein viktig institusjon.

## 2.6. Ivar Aasen-tunet i Venezia

Alle fast tilsette reiste på studietur til Italia 1.–5.10.2008. Målet var utstillinga over Sverre Fehns verk, *SVERRE FEHN intuisjon – refleksjon – konstruksjon*, i Den nordiske paviljongen som Sverre Fehn teikna i 1958.

Ivar Aasen-tunet var det siste verket som Sverre Fehn følgde frå første strek til siste skrue. For dei som til dagleg trakk langs linjene hans i dette museet, var det høgtid å møte sitt eige hus på utstilling i Fehns nesten femti år gamle paviljong.

Alle medarbeidarane skreiv etterpå ned sine inntrykk frå dette møtet. Stoffet blei samla i heftet *Arkitektur al dente*, trykt i 300 eksemplar og send som julehelsing til styre, råd, tilskotsgivarar og andre vener.

## 3. Dokumentasjon, forsking og formidling

Samlingane i arkiv og bibliotek auka med nær 600 band og titlar i 2008, mot 700 året før.

16 større og mindre forskings-, dokumentasjons- og formidlingsprosjekt var i gang med tilknyting til samlingane våre. Eitt stort digitaliseringsprosjekt heldt fram i 2008, og eitt nytt blei sett i gang. Nye fulldigitaliserte årgangar av Fedraheimen blei publiserte, og arbeidet tok til med å redigere Ivar Aasens brev og dagbøker med alle merknader av Reidar Djupedal til ei moderne, digital utgåve. Nettutgåva blir lansert våren 2009.

I 2008 fullførte fylkesfotoarkivar Ragnar H. Albertsen fotograferinga av gjenstandane etter Ivar Aasen. Dette gav oss ein framifrå og særmerkt dokumentasjon som vil kome til nytte på mange måtar.


Tilsette publiserte i 2008 47 artiklar, skrifter og foredrag, mot 27 i 2007. Direktøren heldt den åttande årstalen om tilstanden for nynorsk skriftkultur, denne gongen om dei språklege vilkåra for barn.

Som grunnlag for ei meir systematisk samlingsforvalting tok vi hausten 2008 til med å revidere den tidlegare innsamlings- og dokumentasjonsplanen til ein plan for samling og dokumentasjon.

### 3.1 Arkiv og bibliotek

Gjennom året auka samlingane med 573 titlar og band. Den 1.1.2008 hadde vi såleis 56 701 titlar og band. Figur 2 viser utviklinga frå 2000.

Figur 2. Gjenstandar i alt 2000–2008




Talet på titlar gir avgrensa informasjon om kor store samlingane er fysisk. Vi bruker difor i nokre samanhengar også omgrepet *band/eksemplar*, der vi til dømes tel med enkelteksemplar av særprent, enkeltårgangar av avisar, tidsskriftnummer m.m.

Omgrepet *titlar* er nedanfor brukt om tilvekst av monografiar, verk som inneheld fleire band, tidsskrift, fotografi, originaldokument, arkiveiningar og enkeltgjenstandar. Av samlingane totalt var 15 817 titlar tilfredsstillande registrerte ved utgangen av året, mot 15 548 i 2007. 28 % av samlingane er no tilfredsstillande registrerte, som i 2007. Figur 3 viser utviklinga frå 2002.

Samlingane femner om både kulturhistoriske gjenstandar, kunsthistoriske gjenstandar og fotografi. Samlinga av kulturhistoriske gjenstandar auka med 266 gjenstandar i form av 252 trykte skrifter og 14 AV-media (musikk-cd-ar og cd-lydbøker). Vi hadde ingen tilvekst av arkivmateriale og tradisjonelle gjenstandar. Det var heller ingen tilvekst av kunsthistoriske gjenstandar, medan fotografi

auka med 300 titlar; hovudsakleg fotografi tekne og brukte i samband med eigne aktivitetar og arrangement.

**Figur 3. Gjenstandar tilfredsstillande registrert 2002-2008**



Biblioteket kjøpte i 2008 inn 118 trykte skrifter og 14 AV-media, og abonnemente på 65 tidsskrift og årbøker. Frå bibliotek, privatpersonar, forlag, institusjonar og organisasjonar fekk Nynorsk kultursentrum 134 trykte skrifter i gåve.

Biblioteket hadde totalt 398 utlån i 2008. Dette omfatta utlån til dei tilsette og til utstillingar frå eigne samlingar, utlån av litteratur innlånt frå andre bibliotek og utlån til andre bibliotek. Vi hadde 23 utlån til andre bibliotek, og sende frå oss 2 kopiar. I det daglege brukte dei tilsette svært mange skrifter frå samlingane.

Arbeidet med å registrere bøker og tidskrift i BIBSYS-basen tok til i 2001. Talet på DOKID tilsvavar talet på eksemplar som er registrerte i basen. Ved utgangen av 2008 var det registrert totalt 13 157 DOKID i BIBSYS for biblioteket vårt, av desse blei 230 titlar/eksemplar katalogiserte i 2008.

Arbeidet med å registrere samlingane i Ivar Aasen-tunet er godt i gang, men det vil ta lang tid før alt er registrert. Den prioriterte delen av Djupedal-samlinga er no ferdig registrert, hovudsakleg faglitteratur, periodika, særprent og småtrykk. Rundt 8600 band i Djupedal-samlinga er no å finne i BIBSYS. I tillegg kjem 4557 trykte skrifter og AV-media som er tilvekst til samlingane elles. Til saman blir dette rundt 13 200 band i BIBSYS. Oversyn over titlar og årgangar av aviser og blad i Aure-samlinga er publisert på nettstaden.

Av plassgrunnar fører Nynorsk kultursentrum ein svært restriktiv tilvekstpolitikk

for større bokgåver og arkivmateriale. Vi tok ikkje imot større samlingar eller arkiv i 2008.

### 3.2 Samlingar

Samlingane i Ivar Aasen-tunet er sett saman av eigne kjøp, gåver og fleire større delsamlingar. Status for dei viktigaste av desse er presenterte nedanfor.

*Ivar Aasen-samlinga:* 225 gjenstandar og om lag 2400 bøker og skrifter. Revidert og fullstendig katalog for boksamlinga er i arbeid og blir publisert på nettstaden.

*Reidar Djupedal-samlinga:* Om lag 34 600 band. Samlinga inneheld bøker, særprent, småtrykk og periodika frå ulike fagområde, mest språk- og litteraturvitenskap, på minst 15 ulike språk; hovudsakleg norsk, dansk, svensk, islandsk, færøysk og frisisk. Rundt 19 400 band er registrerte, medan vel 15 200 band er uregistrerte. I tillegg kjem 218 originale Aasen-dokument og 22 kartongar med avisklipp.

*Sivert Aarflot-arkivet:* Over 2000 originaldokument i 43 arkivboksar, m.a. mange Aasen-dokument. Arkivet er deponert av Sivert Aarflot-museet, i første omgang fram til 2005, men avtalen blir fornva i 2009.

Delar av *Norsk boksamling*, gjerne kalla Anton Aure-samlinga: om lag 5000 band med bøker og skrifter utgitt 1936–1979 (Aure-samlinga del II), og 2200 årgangar av 147 ulike aviser, blad og tidsskrift frå perioden 1877–1972. Samlinga er deponert av Det Norske Samlaget, i første omgang fram til 2010. Ved overføringa frå Universitetsbiblioteket i Oslo/Nasjonalbiblioteket i Oslo (NBO) var det meste av materialet uordna. Samlinga er ordna alfabetisk i tre kategoriar: skjønn- og faglitteratur, periodika og særprent. Samlinga inneheld også ein del avis-klipp som er med å gjere klipparkivet i Ivar Aasen-tunet unikt. Vi reknar med å kunne ta imot resten av Aure-samlinga i 2009.

*Arkiv for norsk målreising:* Peder Hovdans arkiv med 153 arkivboksar med avisklipp og nokon anna materiale i ganske ordna former, og ein stor og svært innhaldsrik handskriven protokoll som gjennom 50 år dokumenterer bruken av nynorsk i kommunar, skulekrinsar og kyrkjesokn fram til om lag 1950. Det Norske Samlaget eig arkivet, som var depo-

nert på Universitetsbiblioteket i Oslo fram til hausten 2005, då samlinga blei frakta til Ivar Aasen-tunet for deponi her. Det Norske Samlaget skal før 10.2.2011 vurdere ei permanent deponering av arkivet i Aasen-tunet. Arkivet blir ordna av oss når vi har kapasitet, og det er aktuelt å skanne ein del avisklipp til nettstaden.

*Noregs Mållags avisklipparkiv 1983–2005:* 155 kassettar og permar. Papirarkivet blei avslutta våren 2005 og først erstatta med digital klippteneste frå iFoqus, frå november 2006 frå Retriever.

### 3.3 Innkjøpte kunstverk

Nynorsk kultursentrum byggjer år for år varsamt ut kunstsamlinga i Ivar Aasen-tunet. I 2008 kjøpte vi ingen kunstverk. Ved utgangen av året eigde vi 40 kunstverk.

### 3.4 Dokumentasjon og forsking

Styret vedtok i 2005 *Innsamlings- og dokumentasjonsplan nr. 1 2006 – 2008*. Dette inneber at den tidlegare dokumentasjons- og forskingsplanen er slått saman med delar av innsamlings- og bevaringsplanen. Resten blei teke med i *Sikrings- og bevaringsplan 2006–2008*, som styret vedtok i 2006. Arbeidet med *Samlings- og dokumentasjonsplan nr. 2 2008–2011* tok til hausten 2008. Den nye planen vil framheve samlingsforvalting og avklare ein del prinsipielle vurderingar med støtte frå nyare faglitteratur og det museumsetiske regelverket til ICOM.

Museum driv kunnskapsbasert formidling. I systematiske og kritiske former utviklar dei eigen kunnskap, basert på samlingane sine. I seinare år er dokumentasjon blitt ein stadig viktigare funksjon for musea, men omgrepene *dokumentasjon* har enno ikkje fått nokon etablert definisjon. Vi legg vår eigen definisjon til grunn: ”Dokumentasjon kan forståast som systematisk og kjeldekritisk bearbeiding av informasjon frå eigne samlingar eller innanfor dei emna ein alm-institusjon konsentrerer seg om. Denne bearbeidinga kan omfatte omtale, fagleg beskriving og analyse.”

Dokumentasjon omfattar dermed også systematisk arbeid med immaterielle data, til dømes statistikk eller analysar. I eit slikt per-

spektiv blir skiljet mellom dokumentasjon og forsking lite skarpt. Eit museum som arbeider med dokumentasjon vil bruke forskarens metodar, men presenterer sjeldan materialet sitt i forskarens sjangrar, som avhandlingar eller vitskaplege artiklar.

Dokumentasjon og innsamling heng saman og viser til to ulike delar av same prosessen. Dokumentasjonen tek til når innsamlinga sluttar, altså når gjenstanden er komen i hus. Dokumentasjonsarbeidet skal dekkje både fortid og samtid. I dokumentasjonsarbeidet er vi meir føremålsretta enn forskarar skal eller treng vere. Det vi dokumenterer, skal helst kunne brukast til noko, anten av oss sjølv eller av utanforståande.

### 3.5 Eigne dokumentasjonsprosjekt

I 2008 var ti dokumentasjonsprosjekt i gang i eigen regi.

*Nynorsk faktabok* (frå 1999) av Ottar Grepstad er truleg den mest omfattande og pålitelege statistiske dokumentasjonen av ein skriftkultur som nokon gong er blitt laga. Boka inneheld nesten 400 tabellar og figurar, og er på 785 sider. Ei gjennomrevidert og vesentleg omarbeidd utgåve kjem i 2009.

*Nettbiblioteket* (frå 2001): Den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk og dialekt frå fleire hundreår.

*Nynorske dikt og songar* (frå 2001): Arbeidet med å samle inn diktarane sine siste versjon av klassiske dikt og songar heldt fram og blir no etter kvart publiserte på nettstaden. For songane sin del tek vi også med tilrådd versjon i moderne rettskriving.

*Ivar Aasen-bibliografi* (frå 2002): Ein selektiv bibliografi frå 1977 blei i 2002 oppdatert, og vil bli oppdatert årlig frå og med 2009.

*Det nynorske Noregskartet* (frå 2002): Vi arbeider med ein geografisk-kronologisk database som syner korleis nynorsken blei teken i bruk, ut frå tidspunkt for innföring av nynorske skulekrinsar, Blix-salmar, nynorsk liturgi, Nynorsk Salmebok, vedtak om tenestemål og målform på informasjon frå Postverket.

*Versjonar, variantar og tradering av ”Nordmannen”* (frå 2002): I dette prosjektet gjer vi greie for historia om denne mykje brukte allsongen, m. a. med grunnlag i originalkjel-

der som finst berre i Ivar Aasen-tunet. Arbeidet heldt fram i 2008.

*Historia om Ivar Aasen-museet* (frå 2003): I 2008 blei samlinga av avisartiklar og annan dokumentasjon frå historia om vår eigen institusjon vesentleg utvida og brukt som grunnlag for den første samla framstillinga av Ivar Aasen-tunet gjennom 200 år (sjå kap. 3.12).

*Språkpolitikk i partiprogramma* (frå 2004): Komplett dokumentasjon av alt som partia på Stortinget har vedteke om språkpolitikk i partiprogramma sine frå og med 1906. Ny utgåve blir laga våren 2009.

*Digitalisering av Fedraheimen* (frå 2005): I samarbeid med Norsk Ordbok 2014 arbeider vi med å publisere dei 14 årgangane av Fedraheimen i latinsk fulltekst på Internett. Noko liknande har ikkje vore gjort med norske aviser tidlegare. Den samla tekstmengda er på om lag 25 millionar teikn, fordelt på meir enn 8000 artiklar. Prosjektet byggjer på eit nært samarbeid med Norsk Ordbok 2014 som står for digitalisering og korrektur, medan vi legg til rette for brukarvennleg publisering. Ved utgangen av 2008 var dei fire første årgangane publiserte. Prosjektet blir etter planen fullført seinast i 2011.

*Språk i barnehøgd. Årstale nr. 8 om tilstanden for nynorsk skriftkultur* (2008) blei halden i salen i Ivar Aasen-tunet 26. september. Talen tok for seg dei språklege vilkåra for born, med særleg vekt på kva som blir gjort for språkleg mangfold i barnehagane og i den nye fjernsynskanalen NRK Super.

### 3.6 Eksterne forskings- og dokumentasjonsprosjekt

I 2008 var seks eksterne forskings- og dokumentasjonsprosjekta i gang med utgangspunkt i samlingane våre.

*Mastergrad i nynorsk skriftkultur* (frå 2002): Hausten 2003 tok Ivar Aasen-instituttet opp ti nye studentar i det mastergradsstudiet i nynorsk skriftkultur som blei sett i gang hausten 2002. Studentane kjem i aukande grad til å bruke samlingane våre aktivt, og det kan bli aktuelt med både forelesingar og anna fagleg arbeid frå vår side.

*Biografi om Elias Blix* (2002–2007): Anders Aschim gav vinteren 2008 ut ein grundig biografi om Elias Blix. Han har ofte vore i kontakt om materiale frå samlingane våre.

*Det opne språket* (frå 2003): Ivar Aasen-instituttet sette hausten 2003 i gang dette forskingsprosjektet om norsk målreisingssoge 1739 – 2005, som resulterer i to doktoravhandlingar. Særleg ein av forskarane har brukt samlingane mykje. Jens Johan Hyvik forsvarte di doktoravhandling i 2008. Oddmund L. Hoel leverer i 2009.

*Tidleg nynorsk bibelmål* (frå 2003): Per Halse arbeider med doktoravhandling om tidleg nynorsk kyrkjemål, og har brukt samlingane i Ivar Aasen-tunet som ein del av grunnlaget for studiane sine.

*Norsk pressehistorie* (frå 2004): Ei samla framstilling av norsk pressehistorie 1763–2010 skal ligge føre til Norsk Presseforbund og Mediebedriftenes Landsforening fyller 100 år i 2010. Målet er å gi ny og systematisk kunnskap om norsk pressehistorie innanfor ramma av eit firebandsverk av høg kvalitet. Ei prosjektgruppe frå Norsk Pressehistorisk Forening leier arbeidet, der dei faglege perspektiva er pressa si samfunnsrolle, journalistikk, teknologi og marknad. Ottar Grepstad leverer i mars 2009 manuskript om nynorsk pressehistorie 1880–2009 til to band i verket.

*Senatet som ikkje vart.* (frå 2007). Morten Søberg skreiv i 2007–08 ein essayserie i Dag og Tid som blant anna bygde på informasjon frå samlingane i Aasen-tunet. Essaya kjem i bokform våren 2009.

### 3.7 Nynorskbasen

Som ein del av arbeidet med det prosjektet som i 2008 fekk namnet *Allkunne*, har vi sidan sommaren 2001 bygt opp *Nynorskbasen*. Dette er ein enkel database med nøkkelinformasjon om profilerte nynorskbrukarar. Ved utgangen av 2008 var det registrert informasjon om 3606 personar. Det vil seie 26 fleire enn ved førre årsskiftet. 16 % av personane i basen var kvinner. Meir utførleg biografisk informasjon ligg føre om 2831 personar, for intern bruk.

### **3.8 Artikkelarkivet**

Like sidan opninga av Aasen-tunet i juni 2000 har vi brukt avisklipp i aktualitetshylla i utstillinga. Frå 2002 auka vi aktiviteten på dette feltet, og klipte også ut andre artiklar og notisar, som saman med artiklar som har vore brukte i aktualitetshylla, dannar Artikkelarkivet i Ivar Aasen-tunet. Ved årsskiftet hadde arkivet 6340 utklipp, fordelt på rundt 820 personar, institusjonar og organisasjonar.

I 2008 klipte vi fast frå Aftenposten, Bergens Tidende, Dag og Tid, Dagbladet, Klassekampen, Sunnmørsposten, Nationen og Dagens Næringsliv. I tillegg tek vi vare på artiklar frå andre aviser og ulike nettstader som vi kjem over. Også eldre artiklar, som til dømes har vore brukte i arbeidet med tema-utstillingar, blir tekne med i Artikkelarkivet. Arbeidet har vore tidkrevjande, og frå 2008 er klippinga avgrensa til hovudsakleg biografisk materiale og intervju som vi kjem over utan systematiske sok.

Artikkelarkivet gir verdfull grunnlagsinformasjon både for Nynorskbasen og for den digitale kunnskapsbasen *Allkunne*.

### **3.9 Foredrag**

Tilsette heldt i 2008 19 større foredrag og presentasjonar, mot 13 i 2007. Dei fleste foredraga har vore tilgjengelege som manuskript.

Kjersti Markegård Bae: Innleiing på opningskonferanse for prosjektet ”Høy og sjål” på Høgskulen i Volda 11.11.

Magni Hjertenes Flyum: ”Nynorsk – fordi lesarane vil ha det”. Foredrag på seminar om avisspråket, i regi av Nordmøre Mållag og Romsdal Mållag i Molde 13.3.

– : Opningstale ved namneskiftet på Hotell Ivar Aasen i Ørsta 14.11.

Ottar Grepstad: ”Språket på jorda”, ved opninga av utescena i Aasen-tunet 30.4.

– : Presentasjon av Ivar Aasen-tunet for Inner Wheel i Ørsta 3.6.

– : ”Mannen som aldri tok ordet”. Blomar ved Ivar Aasen-statuen i Ørsta 25.6.

– : ”Ein nellik for demokrati”. Tale på olsokstemnet ved Sunnfjord Museum i Førde 27.7.

– : Deltaking på språkpolitisk debatt ved hundreårsmønet for riksmålsmøte på Nore-sund 17.8.

– : ”Digitalisering fram mot 2013”. Innleiing på ABM-seminar om digitaliseringsplan for Møre og Romsdal i Aasen-tunet 2.9.

– : ”Perspektiv på språkmeldinga”. Innleiing på landsstyremøte i Norsk Målungsdom i Oslo 5.9.

– : ”Tiltak for å styrke nynorsk språk og kultur 2008–2013”. Innleiing på organisasjonsseminar i Rogaland Mållag på Bryne 6.9.

– : ”Nationale Identität in Zeiten der Globalisierung”. Rede bei Deutsch-Norwegisch Jugendforum im Stavanger 19.9.

– : ”Skråblikk om nettverk”. Innlegg på ABM-utviklings konferanse om museumsnettverk i Asker 24.9.

– : ”Språk i barnehøgd”. Årstale nr. 8 om tilstanden for nynorsk skriftkultur, Ivar Aasen-tunet 26.9.

– : Presentasjonar av årstale og statsbudsjettet 2009 for Nynorsk mediesenter i Ivar Aasen-tunet 9.10.

– : ”Nynorskpressa som kultur- og identitetsskapande faktor 1858–2008”. Foredrag på Dei nynorske mediedagane i Oslo 10.10.

– : ”Songen om kvardagen”. Opningstale på Hareidsstemna på Hareid 11.10.

– : ”Perspektiv på nettverk”. Presentasjon på møte i Litteraturnettverket i Ivar Aasen-tunet 12.11.

– : ”Ivar Aasen-tunet 2000–2013”. Presentasjon på møte i Litteraturnettverket i Ivar Aasen-tunet 12.11.

### **3.10 Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet**

Nynorsk kultursentrum ønskjer ikkje å bruke tid og pengar på å vere sin eigen forleggjar. Derimot har vi etter kvart sett eit behov for raskt å kunne spreie informasjon til definerte målgrupper. Frå og med 2004 gir vi ut ein enkel serie av småskrifter, produsert på komipmaskinen for rask produksjon, rask distribusjon, bruk og kast. Alle småskriftene blir også publiserte på [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no). Serien *Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet* skal innehalde artiklar, foredrag, notat, utgreiingar om aktuelle språkpolitiske og faglege spørsmål.

Innhaldet står for forfattarens rekning. Det kom ingen nye skrifter i serien i 2008.

### **3.11 Andre trykte og elektroniske skrifter**

Tilsette publiserte i 2008 28 signerte artiklar i aviser og tidsskrift, mot 14 i 2007.

- Ottar Grepstad: "Vi får aldri for mange ordbøker", Aftenposten 29.2.  
– : "I lyset frå Sverre Fehns manuskript", Dag og Tid 7.3.  
– : "Meir nynorsk = betre nynorsk", Aftenposten 11.5.  
– : *Ivar Aasen-tunet gjennom 200 år*. Ørsta 2008  
– : "Giskes veslefinger". Dagens Næringsliv (DN) 29.4.  
– : "Takk for stordagen i Aasen-tunet!" Møre og Møre-Nytt 8.5.  
– : "Søringkomplekset". DN 9.5.  
– : "Meir nynorsk – betre nynorsk". Aftenposten 13.5.  
– : "Bård skulemeister". DN 27.5.  
– : "Løkens prinsipp". DN 10.6.  
– : "Fedrelandssalmen skal syngjast fritt i Aasen-tunet". Møre-Nytt 12.7.  
– : "Angsten for kunst". DN 16.7.  
– : "Vil fagrørsla vere språklaus?" Bergens Tidende 25.7.  
– : "Smakspolitiet". DN 6.8.  
– : "Samla til konflikt". DN 14.8.  
– : "Viktig, viktigare, viktigast". Dag og Tid 15.8.  
– : "Sjølvsagt endrar bøker verda". Dagbladet 16.8.  
– : "Skjult i alfabetet". DN 4.9.  
– : "Nynorsk er meir enn eit skriftspråk". Dag og Tid 5.9.  
– : "Leksikon i klemme". DN 17.9.  
– : "Ivar Aasen-tunet vil ha kulturhus". Møre 20.9.  
– : "Språk i barnehøgd". Dag og Tid 3.10.  
– : "Sanninga om løgna". DN 13.10.  
– : "Utan mål og meinings". DN 13.11.  
– : "Ein nellik for demokrati". *Jul i Sunnfjord 2008*  
– : "Salmar i stille natt". DN 24.12.  
– : "Engelsk er ikkje nok". DN 29.12.  
– : "Kongen og knekten". DN 31.12.

### **3.12 Vår eiga institusjonshistorie**

Til opninga av utescena skreiv Ottar Grepstad heftet *Ivar Aasen-tunet gjennom 200 år*.

Dette skriftet er ei samla framstilling av institusjonens historie like frå stabburet og Storbjørka ein gong kring 1800. Til grunn for framstillinga låg materiale som var samla inn over lengre tid, og som no gav høve til å avklare mange detaljar i denne historia. Delar av stoffet blir brukt i ein museumsførar på fleire språk. Heftet blei trykt i 150 eksemplar og blei mellom anna brukta som gavetil alle gjestene ved middagen for H.K.H. Kronprins Haakon.

### **3.13 Fagleg representasjon**

Representantar for Nynorsk kultursentrum deltok på 72 eksterne tilstellingar i 2008, mot 63 året før:

- Gravferd Hjørdis Kristoffersen i Ørsta 10.1.: Magni Hjertenes Flyum
- Opning av Hauge/Tveitt-jubileet 2008 i Drammen 10.1.: Ottar Grepstad
- Møte om Sivert Aarflot-jubileet 2009 på Volda bygdetun 17.1.: Magni Hjertenes Flyum og Åshild Widerøe
- Framsyning av Katta i sekken og lansering av Tunkattens songbok på Kulturtorget i Molde 23.1.: Magni Hjertenes Flyum og Anne Marta Vinsrygg Vadstein
- Møte om Litteraturdagane i Vinje i Vinje 1.2.: Ottar Grepstad
- Arbeidsgruppe om lærermiddel under Forum for nynorsk i skulen i Oslo 4.2.: Ottar Grepstad
- Møte om stortingsmelding om språk i regi av politisk leiing i KKD i Oslo 5.2.: Ottar Grepstad
- Kursdag for Nynorsk mediesenter i Aasen-tunet 8.2.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum
- Redaksjonsseminar i *1001 tekstar* i Aasen-tunet 13. og 14.2.: Ottar Grepstad, Eirik Helleve, Kirsti Langstøy
- Møte om kronprinsvitjing hos fylkesmannen i Molde 20.2.: Ottar Grepstad
- Eiksund-konferansen i Ulsteinvik 22.2.: Milan Ilic, Gaute Øvereng
- ENØK-kurs i Ørsta 27.2.: Milan Ilic og Knut-Johann Jørgensen
- Seminar om søknadsskjema for statstilskot i regi av KKD i Oslo 28.2.: Magni Hjertenes Flyum

- Årsmøte i Norske Festivaler på Gardermoen 3.–4.3.: Åshild Widerøe
- Det 71. bibliotekmøtet i Bergen 5.–8.3.: Kirsti Langstøy
- Opning av Nasjonalmuseet Arkitektur i Oslo 6.3.: Ottar Grepstad
- Redaksjonsmøte i *1001 tekstar* i Oslo 12.3.: Ottar Grepstad, Eirik Helleve, Kirsti Langstøy, Gaute Øvereng
- Møte i kontaktutvalet om kronprinsvitjinga i Aasen-tunet 17.3.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum
- Familie- og kulturkomiteen i Stortinget i Aasen-tunet 26.3.: Oddvar Haugland, Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum
- Årsmøte i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i Ålesund 27.3.: Magni Hjertenes Flyum
- Opning av ny utescene og planting av ny tunbjørk i Ivar Aasen-tunet 30.4.: Oddvar Haugland, Grete Riise, Jon Fosse, Terje Kjøde, Målfrid Snørteland, alle tilsette
- Avsparkseminar i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i Ørsta 13.5.: Magni Hjertenes Flyum, Åshild Widerøe
- Avsparkseminar i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i Ulsteinvik 14.5.: Gaute Øvereng
- Møte i rådet for den nynorske barnelitteraturfestivalen Falturiltu på Leirvik 15.5.: Magni Hjertenes Flyum
- Møte i Nynorsk Forum og fellesmøte med Løvebakken Mållag i Oslo 21.5.: Ottar Grepstad
- Redaksjonsmøte *1001 tekstar* i Oslo 22.5.: Ottar Grepstad, Eirik Helleve, Kirsti Langstøy
- Møte med NorDubb og Høgskulen i Volda i Aasen-tunet 30.5.: Ottar Grepstad
- Etableringsmøte i Fehn-forum i Oslo 9.6.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum
- Styremøte i Musea i Møre og Romsdal (MIMR) i Molde 20.6.: Ottar Grepstad
- Møte i Nynorsk Forum i Aasen-tunet 26.6.: Ottar Grepstad
- Redaksjonsmøte i *1001 tekstar* i Aasen-tunet 12.8.: Ottar Grepstad, Eirik Helleve, Kirsti Langstøy
- Skipingsmøte for Allkunne AS i Oslo 20.8.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum
- Det nasjonale museumsmøtet i Stavanger 20.–23.8.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum
- Møte i Fehn-Forum i Stavanger 22.8.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum
- Møte i Nynorsk Forum i Oslo 27.8.: Ottar Grepstad
- Møte med sekretariatet i NFF i Aasen-tunet 29.8.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum, Kirsti Langstøy, Åshild Widerøe, Gaute Øvereng
- Presentasjon av festspeldiktaren 2009 på pressekonferanse i Oslo 2.9.: Åshild Widerøe
- ABM-seminar om digitaliseringsplan for Møre og Romsdal i Aasen-tunet 2.9.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum, Kirsti Langstøy, Anders Aanes
- Styremøte i Ørsta reiselivslag i Ørsta 4.9.: Magni Hjertenes Flyum
- Språkrådets middag i Aasen-tunet 11.9.: Magni Hjertenes Flyum
- Språkrådets næringslivsfrukost på Scana Volda 12.9.: Magni Hjertenes Flyum
- Siste møte i styringsgruppa for *1001 tekstar* i Oslo 15.9.: Ottar Grepstad
- Arbeidskonferanse for museumsnettverka i regi av ABM-utvikling i Asker 23.–24.9.: Ottar Grepstad
- MIMR-kurs i konservering på Romsdalsmuseet i Molde 24.–25.9.: Anders Aanes
- Ekstraordinært årsmøte i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i Ålesund 25.9.: Magni Hjertenes Flyum
- Rådsmøte i Nynorsk kultursentrums i Ivar Aasen-tunet 26.9.: Oddvar Haugland, Målfrid Snørteland, Georg Arnestad, Sigrun Høgetveit Berg, Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum
- Open høyring om språkmeldingane i Ivar Aasen-tunet 26.9.: Oddvar Haugland, Målfrid Snørteland, Georg Ar

- nestad, Sigrun Høgetveit Berg, Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum, Kirsti Langstøy, Åshild Widerøe, Gaute Øvereng, Anders Aanes
- Studietur til Arkitekturbiennalen i Venezia 1.–5.10.: Ottar Grepstad, Kjersti Markegård Bae, Magni Hjertenes Flyum, Milan Ilic, Knut-Johann Jørgensen, Ingrid Opedal, Kirsti Langstøy, Åshild Widerøe, Gaute Øvereng, Anders Aanes, Oddny Nupen Aarflot
  - Redaksjonsmøte i *1001 tekstar* i Oslo 6.10.: Ottar Grepstad, Kirsti Langstøy
  - Første styremøte i Allkunne AS i Oslo 9.10.: Magni Hjertenes Flyum
  - Møte om nynorsk nettavis med ABC Startsiden i Oslo 15.10.: Ottar Grepstad
  - Møte i Nynorsk Forum i Oslo 16.10.: Ottar Grepstad
  - Pressekonferanse for statsrådane Bård Vegar Solhjell, Magnhild Meltveit Kleppa og Heidi Grande Røys i Ivar Aasen-tunet 22.10.: Gaute Øvereng, Kjersti Markegård Bae
  - Studietur til Museu da língua portuguesa og andre kulturinstitusjonar i São Paulo 17.–24.10.: Ottar Grepstad
  - Studietur til Olympische Köche i Erfurt 18.–23.10.: Milan Ilic
  - Fylkeskulturkonferanse i Ålesund 21.10.: Åshild Widerøe
  - Transport- og kommunikasjonskomiteen i Stortinget i Ivar Aasen-tunet 29.10.: Ottar Grepstad
  - Haustmøte i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i Ålesund 3.11.: Magni Hjertenes Flyum, Gaute Øvereng
  - Møte i referansegruppe for Allkunne i Volda 4.11.: Magni Hjertenes Flyum
  - Styremøte i Allkunne AS i Ivar Aasen-tunet 5.11.: Magni Hjertenes Flyum
  - Styremøte i Ørsta reiselivslag i Ørsta 5.11.: Magni Hjertenes Flyum
  - Høyring om statsbudsjettet i familie- og kulturkomiteen i Stortinget 6.11.: Ottar Grepstad
  - Opningskonferanse for prosjektet ”Høyr og sjål!” på Høgskulen i Volda 11.11.: Kjersti Markegård Bae, Gaute Øvereng
  - Møte i Litteraturnettverket i Ivar Aasen-tunet 12.11.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum, Kirsti Langstøy, Åshild Widerøe, Gaute Øvereng, Anders Aanes
  - Namnebyte for Hotell Ivar Aasen i Ørsta 14.11.: Magni Hjertenes Flyum, Gaute Øvereng
  - Jordferd for rådmann Per Hovden i Ørsta 18.11.: Ottar Grepstad
  - HMT-kurs for leiarar i Ålesund 26.11.: Ottar Grepstad
  - Ekstramøte i Nynorsk Forum i Oslo 28.11.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum
  - Møte med ABM-utvikling i Oslo 4.12.: Ottar Grepstad
  - Styremøte Allkunne AS i Oslo 10.12.: Magni Hjertenes Flyum
  - Redaksjonsmøte i Allkunne i Aasen-tunet 11.12.: Ottar Grepstad, Kirsti Langstøy
  - Arbeidsmøte med Tove Bakke i Paris 10.–12.12.: Åshild Widerøe

### **3.14 Jon Fosse-arkivet**

Med støtte frå Norsk kulturråd og eigenfinansiering frå Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrum blei forprosjektet for Jon Fosse-arkivet avslutta i 2008. Med støtte frå Sparebanken Vest gav Nynorsk kultursentrum i november ut den svært innhaldsrike forprosjektrapporten *Tyngda av ein forfattarskap* av Kirsti M. Thorheim.

Forprosjektrapporten blei svært godt motteken i ulike miljø – frå kulturminister og heile kulturkomiteen i Stortinget til teater- og litteraturfaglege miljø i inn- og utland.

Styra i Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrum vedtok å arbeide vidare for å realisere planane for Jon Fosse-arkivet, og utnemnde i 2008 representantar til eit interimstyre: Ottar Grepstad (Nynorsk kultursentrum, leiar), Ola E. Bo (Det Norske Teatret) og Margit Walsø (Det Norske Samlaget).

### **3.15 Publikumssørvis**

Også i 2008 heldt vi fast ved garantien frå 2000 om at vi svarar på relevante spørsmål innan 48 timer. Vi får stadig fleire spørsmål frå publikum i Aasen-tunet, på telefon, på e-post eller i vanlege brev. Mange av spørsmåla er frå skulelevar som treng hjelp til oppgåver, oftast om Ivar Aasen. Det er òg vanleg at vi får spørsmål frå folk som leiter etter dikt eller tekstar der dei berre har nokre få ord eller verselinjer.

Bibliotekleiar, dokumentasjonsleiar og formidlingsleiar svarte på dei fleste av spørsmåla frå eksterne brukarar. Både spørsmål og svar blir tekne vare på slik at vi lett kan hente dei fram att ved behov.

## **4. Utstillingar**

Utstillingane auka omsetninga med 9 % frå 1 124 000 kr i 2007 til 1 220 000 kr i 2008. Resultatet blei eit underskot på 10 000 kr mot eit overskot på 98 000 kr året før.

I 2008 hadde vi 10 606 utstillingsgjester, mot 6078 året før. For vandreutstillingane får vi diverre berre unntaksvise informasjon om gjestetal. Desse blir i alle høve aldri rekna med.

Vi laga to nye temautstillingar i 2008 – om Olav H. Hauge og om språk, litteratur og musikk.

### **4.1 Basisutstillinga**

Utstillingane i Ivar Aasen-tunet skal vere levande og dynamiske. Alle skal oppdage noko nytt, også dei som vitjar utstillingane fleire gonger. Kvar dag er det noko nytt i utstillingane. Slik var det også i 2008.

Den store endringa av basisutstillinga som tok til i 2007, blei ført vidare i liten målestokk i 2008 og blir fullført i 2009. Det økonomiske grunnlaget er eit tilskot på 1 million kr frå Fritt Ord. Desse endringane er ein del av utviklinga av Ivar Aasen-tunet til ein kulturinstitusjon i dialog med mange land. Som ein del av utviklingsarbeidet vitja difor direktøren i oktober 2008 det største språkmuseet i verda, i Sao Paolo.

I *Forfattarrommet* i basisutstillinga presenterer vi heile tida ni forfattarar. Kvart år blir nokre av dei skifta ut. I 2008 gjorde vi éi endring om hausten: Per Sivle ut, Olav H. Hauge inn. Grunngjevinga var at Hauge var svært aktuell gjennom Hauge/Tveitt-jubileet.

Til kvar forfattar samlar vi artiklar, intervju og bokmeldingar i ein perm. Permen blir seinare tilgjengeleg i biblioteket, resten av det innsamla materialet blir plassert i artikkelsarkivet. I utstillingsperioden låner vi også inn gjenstandar som kan knytast til dei ulike forfattarane. Til no har vi presentert 26 forfattarar i Forfattarrommet.

I *aktuositetshylla* kjem det nye avisklipp om lag éin gong i månaden. I 2008 la vi fram 85 avisklipp og eigne tekstar om ulike emne. Dette var vesentleg meir enn året før.

### **4.2 Temautstillingar**

I 2008 blei det vist totalt fire temautstillingar i basisutstillinga.

- *Ei røyst som er mi* (Einar Økland) 19.10.2007–2.2.2008
- **NY Diktarens utvegar** (Olav H. Hauge) 3.2.–24.6.
- **NY Stille musikk** (Lars Amund Vaage) 26.6.–20.10.
- *Viljen til språk* 21.10.–

I Galleriet visste vi to temautstillingar:

- *Viljen til språk* 30.4.–10.6.
- *Store forteljingar for små øyre* 30.4.–10.6.


Eit ekstra eksemplar av utstillinga om Olav H. Hauge blei sold til Hauge/Tveitt-jubileet 2008, som gav utstillinga vidare til Olav H. Hauge-stiftinga. Hardanger Folkemuseum administrerte utlån av denne utstillinga i 2008.

### **4.3 Vandreutstillingar**

I 2008 lånte vi ut 10 utstillingar til 21 stader, mot 11 utlån av ni utstillingar i 2007. Berre i 2006 hadde vi fleire utlån.

Temautstillingane er spesiallaga til eit rom i basisutstillinga i Ivar Aasen-tunet, men har eit format som gjer det lett å frakte dei og vise dei fram andre stader. Som før var det bibliotek som lånte flest utstillingar, men i 2008 hadde vi også låntakarar som Jakob Sande-selskapet, Nynorsk Antikvariat AS og Bokbyen ved Skagerrak.

**Figur 4. Tal utlånte vandreutstillingar  
2000-2008**



I kontrakten vi sender ut til lånarane, bed vi om at gjestetal blir melde til Nynorsk kultursentrum. I 2008 fekk vi rapportar frå tre låntakarar: Nynorsk Antikvariat AS, Tysvær folkebibliotek og Sunnmøre Museum. Berre for dei utstillingane desse lånte, var det nærmare 6400 gjester. Der utstillingane blir vistte som del av større arrangement, blir gjestetalet gjerne høgt, til dømes i Tysvær, der det var litteraturveke.

Sidan 2000 har vi i alt hatt 104 utlån av 20 ulike utstillingar i 17 fylke. Over halvparten blei lånte av institusjonar i to fylke. Flest utlån gjekk til Hordaland, i alt 33, og 20 vandreutstillingar blei lånte i Møre og Romsdal. Andre fylke har frå 1 til 6 utlån.

#### *Diktarens litterære liv*

Lindås, Hordaland 5.1.–5.2.

Meland, Hordaland 10.2.–10.3.

Austrheim, Hordaland 15.3.–15.4.

Modalen, Hordaland 20.4.–20.5.

#### *Songen om kysten*

Rørvik, Nord-Trøndelag 15.1.–9.2.

#### *Mannen som kristna landsmålet*

Lindås, Hordaland 18.4.–30.4.

#### *Med blikk for republikk*

Høyanger, Sogn og Fjordane 10.5.–31.8.

#### *Kaffikoppens kulturelle kraft*

Ålesund, Møre og Romsdal 9.11.–21.12.

#### *Striper, ruter, bobler*

Vindafjord, Rogaland 10.4.–1.6.

#### *I Edvard Hoems tid*

Tvedstrand, Aust-Agder 1.10.–31.10.

*Store forteljingar for små øyre*  
Stord, Hordaland 1.11.–9.11.

#### *Halldis i livet*

Osterøy, Hordaland 10.1.–28.2.

Lindås, Hordaland 1.3.–31.3.

Meland, Hordaland 1.4.–30.4.

Austrheim, Hordaland 1.5.–31.5.

Modalen, Hordaland 1.6.–30.6.

Masfjorden, Hordaland 1.7.–31.7.

#### *Diktarens utvægar*

Fjaler, Sogn og Fjordane 1.8.–20.8.

Tvedstrand, Aust-Agder 31.8.–30.9.

Tysvær, Rogaland 15.10.–6.11.

Fræna, Møre og Romsdal 10.11.–1.12.

### 4.4 Undrande og skapande

På initiativ frå Nynorsk kultursentrum gjekk tre museum saman om å lage ei stor tema- og vandreutstilling i høve Rasmus Løland-markeringa 2007–2011. Utstillinga *Undrande og skapande* er sett saman av tre temautstillingar:

- Ryfylkemuseet: *Solvkanneuniverset – Rasmus Løland og bygda*.
- Nynorsk kultursentrum: *Store forteljingar for små øyre*
- Asker Museum: *Fantasien er din egen*

Etter opphavleg plan skulle desse tre utstillingane syast saman til éi vandreutstilling i 2008. Dette arbeidet blei noko forseinka, men blir ferdig våren 2009.

### 4.5 Rom for litteratur

Best Western Hotell Bondeheimen sette i 2005 i gang ei større ombygging for å styrke posisjonen som kulturhotell. Kvart av dei 127 romma blei knytt til ein forfattar eller annan kulturperson. Nynorsk kultursentrum stod for utval av personar, tekstar og illustrasjonar. Første fase blei avslutta våren 2006, og prosjektet blei fullført i november 2008.

## 5. Tilbod til born og unge

2008 var året då tunkatten Lurivar fekk sitt gjennombrot.

Dette året var 6425 born og skuleelevar gjester på arrangement og utstillingar, mot 4621 i 2007. Av dette var 4413 elevar med på 180 program i regi av Den kulturelle skulesekken.

### 5.1 Lurivar

Etter premieren i november 2006 er tunkatten Lurivar alt blitt det viktigaste verkemidlet vårt for å nå dei yngste borna. Lurivar er språkleg nysjerrig og stolt av språket sitt. Målet er at han gjennom møte med borna blir ein dørpnar til nynorsk litteratur og undring over språk. Tunkatten har tre arenaer der han er synleg for borna: i tunet, på turné og på nettstaden tunkatten.no. Noko av det mest vellykka er Tunkattens songbok.

Lurivar er ein av få ikkje-kommersielle barnefigurar, og det gjer han ganske unik i barneverda. I staden for å utvikle reklameeffektar og store mengder lisensprodukt legg vi vekt på laring og aktivisering. Dei få Lurivar-produkta vi har laga, blir ikkje marknadsførte på Lurivars eigen nettstad som er retta mot born. Innanfor rimelege grenser gjer vi difor møta med tunkatten til ei kjøpefri sone.

Lurivar er formgitt av Monica Egeli. Vi har til no kjøpt rettane til 14 Lurivar-illustrasjonar, dessutan fem songbokillustrasjonar og ymse ikon på nettstaden.

*Tunkatten i tunet:* Ved opninga av utescena 30.4. var Lurivar med då eit barnekor framførte songar frå tunkattens songbok. Lurivar var også til stades under Festspela med framsyninga *Katta i sekken*. Vi heldt fram i 2008 med Lurivars eigne omvisingar for born i sommarsesongen. Tilbakemeldingane frå barnefamiliane var svært gode, men etter tips frå Lurivar-omvisarar gjorde vi omvisinga endå meir leiken og aktiviserande til familieday med Blåmann og Lurivar i oktober. Tanken var at målgruppa for Lurivar skulle vere småskuleborn, men han fungerer godt i møte med born heilt ned i treårsalderen. Dette tek vi med i den vidare utviklinga av tilbodet.

*Tunkatten på turné:* *Katta i sekken* er ei skuleframsyning for 1.– 4. klasse, utvikla for Den kulturelle skulesekken. Framsyninga er ein mellomting mellom ei teaterframsyning

og eit forfattarbesøk, og skal gi leselyst og gjere borna språkleg nysjerrige. Hilde Myklebust har skrive manuskriptet, og ho har forma framsyninga saman med regissør Arild Støfring til melodiar av Gaute Øvereng. På Kulturtorget i Molde i januar 2008 viste vi ein forkorta versjon av framsyninga for lærarar og skuleeigarar frå heile fylket. Det var då alt klart at framsyninga skulle ut på ein omfattande turné våren 2008, og framsyninga i Molde resulterte i lange turnear også i skuleåret 2008/2009 (sjå kap. 5.4). Utanom eiga arbeidstid kosta desse turneane oss i 2008 om lag 370 000 kr. Isolert sett gjekk turneane med eit underskot på 77 000 kr dette året.

*Tunkatten på nett – tunkatten.no:* Nettstaden inneheldt ved årsskiftet mellom anna blogg, lydbøker med utdrag frå 16 nynorske barnebøker, Lurivars ordbok, ulike språkaktivitetar og fire originaltekstar i form av tekst, lydspor og illustrasjon. Born kunne sende inn spørsmål og tekstar. Mykje av stoffet til nettstaden blei utvikla av tilsette, men vi kjøper også originalskrivne Lurivar-forteljingar, stoff til songboka og illustrasjoner.

*Lurivars songbok* blei lansert i januar 2008. På kort tid blei denne tenesta svært populært både i barnehagar og barneskular, og hos enkeltpersonar. Songboka inneheldt ved årsskiftet 49 songar. Publikum kunne laste ned lydfiler gratis; vi dekte sjølv Tono-avgifta. Ni av songane var nye vinter- og julesongar. Vi inviterte alle barnehagane i dei åtte nærkommunane til å vere med og lage barnekunstverk til ein av dei nye vintersongane. Dette var gledeleg mange med på.

### 5.2 Standard skuletilbod

Heilt sidan skuleåret 2000/2001 har Ny-norsk kultursentrum hatt skuletilbod for alle klassesteg frå barnehage til og med vidaregåande skule. Med åra har vi revidert og utvida dette skuletilbodet, som no inneheld 15 ulike opplegg:

Barnehage: Leit og leik

1. klasse: Ein skuledag i gamle dagar

2. klasse: Ut i naturen

3. klasse: Ivar Aasens oppvekstår

4. klasse: Teikneseriar

- 5. klasse: Dikt
- 6. klasse: Ivar Aasen og dialektar
- 6. klasse: Det ligg mellom linjene
- 7. klasse. Den lokale skriftkulturen
- 8. klasse: Ivar Aasens verk
- 9. klasse: Språk, skrift og teikn
- 10. klasse: Skulen som språkleg slagmark
- Vg 1: Sosiale endringar i språket
- Vg 2: Skriftelege massemedium
- Vg 3: Dialektar

Skulane kan velje fritt mellom dei ulike tilboda, eller dei kan be om spesialtilpassa opplegg. Mange klassar ber om opplegg som innehold meir enn eitt tema. I alt 1383 elevar brukte desse tilboda i 2008, mot 1656 året før.

Utanom det som blir nemnt nedanfor, er skuleklassar gjennom året også med på kulturarrangement som er særskilt retta mot dei.

### **5.3 Den kulturelle skulesekken i tunet**

Frå og med skuleåret 2005/2006 har vi samarbeidd med vertskommunane Ørsta og Volda om tre årlege program innanfor Den kulturelle skulesekken. Dette er eit tilbod til alle i 3., 6. og 10. klasse, til saman om lag 750 elevar. Som året før gjennomførte vi i 2008 ei enkel evaluering blant dei lærarane som var med. Tilbakemeldingane var svært gode.

Det gode samarbeidet med Fjord1 Buss Møre heldt fram i 2008. Transportsselskapet stod for skyss av alle elevane til og frå Aasen-tunet. Der det var mogeleg fekk elevane sitje på med eksisterande bussruter og om det blei sett opp ekstrabuss, dekte kommunane utgiftene for desse. Derved blei ikkje reisekostnadene noko hinder for skulane.

*3. klasse: Bli kjend med Ivar Aasen.* For nokre elevar er dette det første møtet med både personen og tunet. Med dette programmet skal elevane bli kjende med Aasen og arbeidet hans, særleg barndom og oppvekst. I 2008 gjennomførte Heidi Aarseth og Lars Ivar Nordal programmet.

*6. klasse: Det ligg mellom linjene – Sverre Fehn og arkitekturen i Aasen-tunet.* I L97 var Sverre Fehn eitt av namna som 6.-klassingane skulle møte i kunst- og handverkfaget. I Kunnskapsløftet er namnet ikkje lengre uthavanaugh, men tilboden er like aktuelt. I dette programmet blir elevane kjende med korleis ein

arkitekt tenker og det særmerkte ved Ivar Aasen-tunet, dei får impulsar om kva arkitektur har å seie, får oppleve detaljar i heilskapen, og til sist set dei – som Fehn – sin eigen signatur på sjølvlagda husteikning.


*10. klasse: Det undrande språket.* Dette er eit elevprogram om språk og identitet for ungdomssteget i grunnskulen som vi har hatt på plakaten sidan hausten 2004. Til no har 2898 elevar i fire fylke vore med på dette programmet. Programmet blei i 2008 gjennomført med Eirik Helleve og Runar Gudnason. I samtale med elevane sette dei på dagsorden rare og flotte dialektord, språkendringar, knoting, språk og makt og språkvanar. Fleire utstillingselement i form av rullebanner blei brukte i programmet.

### **5.4 Den kulturelle skulesekken på turné**

Vi gjennomførte 25 framsyningar av *Det undrande språket* for 556 elevar og 50 lærarar ved sju skular i fire kommunar i Sogn og Fjordane: Leikanger, Luster, Vik og Årdal. Alle framsyningane var ved Eirik Helleve og Runar Gudnasson.

Vi gjennomførte 179 framsyningar av *Katta i sekken* for 3858 elevar og 288 lærarar i 2008 i 18 kommunar: Aure, Balestrand, Fjaler, Flora, Førde, Gauldalen, Halsa, Hyllestad, Høyanger, Kristiansund, Leikanger, Molde, Naustdal, Smøla, Tustna, Vik, Volda og Ørsta. 114 av framsyningane var i Sogn og Fjordane for 2727 elevar og 85 lærarar. I Møre og Romsdal var det 65 framsyningar for 1512 elevar og 26 lærarar.

**Figur 5. Gjestetal turnear 2004-2008**



Det er to aktørar med og dette året har Hilde Myklebust og Unn Catodotter Fylingsnes vore i rolla som forfattar, medan Kristin Bolstad og Aslak Strønen begge har spela Lurivar.

Turneane var eit samarbeid med Den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Gjestetal for desse turneane blir rekna som utstillingsgjester, og talet på framsyninga er difor ikkje med i det samla arrangementstalet i 2008.

## 6. Arrangement


Den samla omsetninga for Dei nynorske festspela og kulturprogrammet auka med 7 % frå 2,042 millionar kr i 2007 til 2,195 millionar kr i 2008. Dette gav eit samla underskot på 185 000 kr, mot eit underskot på 23 000 kr i 2007.

Dei nynorske festspela gav eit underskot på 41 000 kr, medan kulturprogrammet gjekk med 124 000 kr i underskot.

Vi gjennomførte 119 opne arrangement i 2008 mot 113 året før. I alt hadde vi 11 364 gjester på desse arrangementa, mot 10 499 i 2007.

64 tilstellingar var utleigearrangement eller hadde eksterne arrangørar, mot 57 året før. Desse gav 3186 gjester, mot 3031 året før. På våre eigne arrangement auka gjestetallet med 9,5 % frå 7469 i 2007 til 8178 i 2008.

**Figur 6. Arrangementsstader 2000-2008**



Kvart fjerde arrangement blei gjennomført andre stader enn i Ivar Aasen-tunet. I 2008 var vi til stades med arrangement i sju kommunar. Det viktigaste var å posisjonere institusjonen i den utvida regionsmarknaden som følgde med opninga av Eiksund-sambandet. Det har vore og vil framleis vere eit mål for oss å stimulere til auka nynorsk kulturproduksjon og aktivitet i heile landet.

### 6.1 Dei nynorske festspela

Omsetninga for Dei nynorske festspela nådde same nivået i 2008 som i 2007, 1 652 000 kr. Kostnadene auka noko, til 1 693 000 kr. Dette gav eit underskot på 41 000 kr, mot budsjettetters overskot på 50 000 kr..

Stortinget føresette at all realauke i driftstilskotet til Nynorsk kultursentrum skulle brukast på Dei nynorske festspela. Dette utgjorde vel 600 000 kr. Styret tilførte Festspela i alt 750 000 kr av statstilskotet. Midlane blei særleg brukte til å styrke den litterære profilen.

Utøvarhonorara har auka kraftig dei siste åra, og var i 2008 på 543 000 kr utanom sosiale avgifter, mot 416 000 året før.

Festspela hadde i alt 6208 gjester på 61 arrangement. Desse fordelte seg med 498 gjester på 11 arrangement på Vårspela, og 5710 på 50 arrangement 25.–29.6. Dei siste fem åra har Dei nynorske festspela hatt mellom 6000 og 6300 gjester. Denne stabiliteten sikrar driftsgrunnlaget.

Ved programlanseringa i byrjinga av april arrangerte vi for første gong *Vårspela*. Målet var å gi skulane eit festspeltildød. Difor gjesta festspeldiktaren og programansvarleg dei vidaregåande skulane i Eid, Herøy, Ulstein og Volda. Elevane fekk bli kjende med festspeldiktaren Lars Amund Vaage, og vi prøvde å vekkje interessa deira for Dei nynorske festspela. Vi hadde også fleire opne arrangement for publikum elles i tunet dei tre dagane Vårspela varte.

Festspela styrkte sin kunstnarlege posisjon med arrangement som jamt over heldt høg standard. Vêret var ikkje så godt som i 2007, men vi måtte ikkje flytte nokon arrangement p.g.a. regn.

Temaet *Dialog* prega programmet både litterært og musikalsk. Det var også ein tettare dialog mellom litteratur og musikk enn i tidlegare festspelprogram. Temaet prega opningshøgtida, og vi framheva det gjennom to utstillingar. Festspelutstillinga *Undervegs* viste fotografi, monotypiar og video av Geir M. Brungot og Liv Dysthe Sønderland, og var inspirert av reisemotivet i festspeldiktaren sin litteratur. Biletkunsten var såleis i dialog med litteraturen. Temautstillinga *Stille musikk* viste nokre samanhengar mellom

språk, musikk og litteratur som er tydelege i festspeldiktarens verk.

Den *litterære og språklege* delen var prega av at nærmere 20 forfattarar var med, frå dei yngste som prøver seg ut til dei tungt etablerte. Heile 35 arrangement hadde litterære innslag eller handla om språk og litteratur, medrekna konsertane som var bygde opp rundt litteratur. Dette gjeld opningskonserthen der mange av tekstane var av Hans Hyldbakk, konserten *Det andre rommet* med tekstar av festspeldiktaren, og tingingsverket *Sju vindar* med tekstar av Olav H. Hauge.

Festspeldiktaren Lars Amund Vaage eller verka hans var med på 13 arrangement og prega alle dagane. Eit høgdepunkt for både publikum og Vaage var det at Tord Gustavsen nytta tekstane hans i verket *Det andre rommet*, ein konsert som hadde vore planlagd i eitt og eit halvt år. Tidlegare på året framførte Gustavsen årets tingingsverk under Vossajazz. Han nytta der nokre tekstar av Lars Amund Vaage i samråd med oss.

Arbeidet med å styrke born og unge sin språklege sjølvtillit heldt fram. Vi utvida barnetilbodet i tunet til tre dagar. Torsdag og fredag var arrangementa tilpassa barnehagine, og laurdagen var eit arrangement lagt særleg til rette for småbarnsfamiliar. Der var *Katta i sekken* hovudingrediensen.

For andre året på rad arrangerte vi skrieverkstad i Aasen-tunet ein laurdag i mars. Forfattaren Arnfinn Kolerud leidde kurset, og 19 ungdomar tok del. Nokre av desse framførte eigne tekstar på eit arrangement under Festspela der Kolerud og Ingelin Rossland var med. Eit originalt og viktig innslag dette året var installasjonen *Ny norsk nynorsk* av Gyrid Nordal Kaldestad og Are Lothe Kolbeinsen, presentert i samarbeid med Ørsta kommune. Installasjonen stod i Ørsta folkebibliotek frå byrjinga av juni og var eit tilbod til alle barneskulan i Ørsta kommune. Skaparane av installasjonen presenterte sjølle verket sitt under Festspela.

Litteratur i fleire sjangrar blei henta fram og formidla, i 2008 utan dramatikk på programmet. *Litteratur med Landro* heldt fram på fjerde året, Atle Kittang stilte i Ivar Aasen-minneforedraget spørsmålet ”Kva er poeng med diktekunst i dag?”, og Nynorsk me-

diesenter delte på ny ut Kultur- og kyrkjedepartementet sin nynorskpris for journalistar. I år vart utdelinga følgd av ein engasjerande debatt om ”Kan vi sminke oss på nynorsk?”

Rolf Theils språkreise jorda rundt heldt fram, denne gongen under tittelen ”Det ortografiske paradiset”. Nytt av året var arrangementet *Voggessong* i løa på Brudavolltunet i Ørsta, som Ørsta Bygdemuseumslag stod for. Det er planlagt eitt slikt arrangement kvart festspel dei komande åra. Denne første gongen tok utøvarar frå Bosnia Herzegovina, Liberia og Noreg del.

Fredagskvelden samla publikum seg i Aasen-tunet til stor konsert med Gisle Børge Styve og Heine Totland

Eit godt samarbeid med handelsstanden samla om lag 550 gjester til festspelfrukost og andre aktivitetar som barneboktorg, brukboktorg og opplesing for både vaksne og born i sentrum av dei to bygdebyane.

Også i 2008 hadde vi ein utekonsert på Volda bygdetun, dette året med Herborg Kråkevik, som presenterte den nye plata si for publikum for første gong.

Den no årvisse festspelferjeturen gjekk frå Volda mot Lauvstad og innover Dalsfjorden, og var som vanleg utseld. Om bord fekk publikum både ord og musikk. Per Olav Kaldestad, Rønnaug Kleiva og Ruth Lillegraven las lyrikk og utdrag frå prosa, også upublisert stoff. Midtfjords spela Dalsfjord Bluegrass Band. Fartøyet denne gongen var MF ”Folkestad”, fullrigga med vimplar som det høver seg ei festspelferje.

MålBar på Møre folkehøgskule blei også i 2008 ein god og meir uformell møteplass for publikum, frivillige og utøvarar.

Det tradisjonsrike Aasen-stemnet var som vanleg siste og viktige post på programmet. I 2008 hadde Per Olav Kaldestad saman med dotter, svigerson og søner laga eit program omkring tekstane hans, med festspeldiktaren som heidersgjest.

Som arrangement blei Festspela gjennomførte med stor innsats frå om lag 50 frivillige. Festspela er avhengige av innsatsen frå dei frivillige, og treng kvart år å rekruttere fleire.

I eit år då svært mange festivalar sleit tungt økonomisk, markerte Dei nynorske

festspela at dette er eit trygt etablert arrangement med eit varemerke som både publikum, utøvarar og presse har tillit til. Festspela står støtt og fast som eit lokalt og nasjonalt arrangement, men her er det framleis mykje å gjere, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Utan dei mange samarbeidspartnarane hadde det vore umogleg å lage det festspelprogrammet publikum fekk i 2008.

Ei solid grunnfinansiering er på plass, og den er større enn mange festivalar av same storleik har å rutte med. Likevel er det vanskeleg å drive Festspela i pluss. Dei nynorske festspela er det viktigaste profileringstiltaket for institusjonen, men treng fleire samarbeidspartnarar å fordele risiko på og hente impulsar frå. Kravet til økonomisk resultat blir difor større frå og med 2009.

Komplett festspelprogram ligg ved.

## 6.2 Kulturprogram

Omsetninga for kulturprogrammet vår, sommar og haust auka med heile 64 % frå 406 000 kr i 2007 til 667 000 kr i 2008. Drifta gav derimot eit underskot på 124 000 kr mot eit overskot på 5 000 kr i 2007. Den viktigaste årsaka til både auke og underskot er satsinga kring opninga av utescena i april.

Arrangementa samla 2945 gjester, mot 2480 året før (utleigearrangement ikkje medrekna).

I 2008 inneholdt kulturprogrammet 58 opne arrangement, utstillingar ikkje medrekna, mot 71 i 2007. I prosent blei like mange av arrangementa avvikla i Ivar Aasen-tunet som året før.

Vårprogrammet blei gjennomført frå 20.1. til 30.4., sommarprogrammet frå 15.6. til 5.8., og haustprogrammet frå 25.8. til 7.12. Arbeidet med å utvikle eit eige sommarprogram heldt fram i 2008.

Vi opna vårsesongen med arrangement for born om værfenomen. Nokre veker seinare inviterte vi born i lag med foreldre eller besteforeldre kome til eit godnatt-arrangement ein laurdagskveld. Dei kunne kome i nattdrakt og ha med seg pledd, og fekk kveldsmat. Det blei eit kjekt gjenhøyr for foreldre og besteforeldre med kjende fjes frå barne-

TV-programmet "Leikestove" på 1970-talet, og koseleg opplesing for borna.

Vi ønskjer å gjere det til ein tradisjon å rekruttere unge skrivrarar til Festspela gjennom ein skriveverkstad om våren (sjå kap. 6.1).

Til opninga av utescena og plantinga av tunbjørka komponerte vi eit dagsprogram med i alt sju opne og eitt lukka arrangement. Denne dagen åleine hadde vi 1800 gjester i tunet, og om lag 250 utøvarar.

Vi bygde vidare på *sommarprogrammet* vi utvikla i 2007 og gjennomførte fem arrangement, dessutan sju spesialomvisingar med tankatten Lurivar for born.

Programformatet *Ung arena* frå dei to siste åra utvida vi til kvar søndag i juli, dvs. dobbelt så mange arrangement som tidlegare. Med desse arrangementa gir vi ei scene til unge utøvarar frå regionen.

Sommarprogrammet byrja med Villblo-medagen 15.6. Festspeldiktaren 2009, Tove Bakke, hadde ikkje høve til å vere i Aasentunet på Ivar Aasens fødselsdag 5.8., så vi utsette å presentere henne til tidleg på hausten.

Sommaren er ei tid med få konkurrerande arrangement, og tilbodet blir utvikla vidare.

Emnet språk prega mange arrangement i *haustsesongen*. Med første arrangement markerte vi at vi vil bli ein institusjon i dialog med mange land. I samarbeid med Bjørnsonfestivalen fekk vi til eit sterkt møte med den sørafrikanske forfattaren André Brink, som blei sensurert då han skreiv på afrikaans. Språkrådet heldt ope møte i Aasentunet, og vi markerte Den europeiske språkdagen i samarbeid med Forskingdagane og Høgskulen i Volda. Det gjorde vi med direktørens årstale om tilstanden for nynorsk skriftkultur og open høyring om dei to stortingsmeldingane om språkpolitikk som regjeringen Stoltenberg la fram våren 2008.

Elles inneholdt programmet den velkjende blandinga vår av litteratur og musikk, med forgreiningar til aktivitetstilbod som soppdag, familiedag og juleverkstad.

For åttande gongen arrangerte vi Boknatta med ei blanding av etablerte forfattarar og debutantar, skjønnlitteratur og sakprosa. Vi er framleis forundra over at dette årvisse

kvalitetstilbodet ikkje samlar fullt hus, men vi held fram.

Haustprogrammet var prega av dobbelju-bilett for hundreåringane Olav H. Hauge og Geirr Tveitt. Publikum fekk på ny sjå og høyre Henrik Mestad lese frå dagbøkene til Olav H. Hauge, eit program som han utvikla for Dei nynorske festspela i 2000. Vi hadde to dagar med Hauge/Tveitt-program i samarbeid med Ørsta kulturhus.

Hausten slutta på topp. I november vitja Odd og Aasmund Nordstoga saman med felespelaren Anders Buen Garnaas Aasen-tunet med konsertversjonen av diktet ”Sto-regut” av A.O. Vinje. Den største publi-kumssuksessen rekna i latter og gjestetal var Vestlandsrevyen som gjorde stor suksess i Bergen vinteren 2007/2008, med Nynorsk kultursentrum som ein av sponsorane. Framsýninga var på Volda samfunnshus under festivalen FESTiVOLDA.


Komplett kulturprogram ligg ved.

## 7. Kafé og butikk

Både butikken og kafeen sette kraftige om-setningsrekordar i 2008. Den samla omsetning auka med 23 % fra 1 327 000 kr i 2007 til 1 632 000 kr i 2008. Av dette utgjorde internomsetninga 325 000 kr. Dette gav eit resultat på 231 000 kr mot 142 000 kr året før.

Matsal utgjorde 76 % av omsetninga i kafeen, og boksal stod for 37 % av omsetninga i butikken. Sett under eitt fordelte bruttoomsetninga seg som vist i figur 7.

**Figur 7. Brutto kassaomsetning 2008**



Kvar registrert gjest la i 2008 att om lag kr 70 i kafé og butikk. Dette er høge tal i museumsbransjen.

Kafeen og butikken er framleis ein viktig og integrert del av det samla publikumstil-bodet, og for eigeninntektene til institusjo-nen. Berre 26 000 kr blei brukte på å mark-nadsføre kafeen og butikken direkte.

### 7.1 Kafé

Omsetninga i kafeen auka med 23 % fra kr 647 000 i 2007 til 899 000 i 2008. Av dette utgjorde internomsetninga kr 211 000, mot 144 000 kr året før. Drifta resulterte i eit overskot på 152 000 kr, mot 53 000 kr i 2007.

Kafeen omsette for kr 29,00 pr. registrert gjest, utanom internomsetning, mot kr 26,50 i 2007.

Kostnadsfaktoren viser kor mange pro-sent varekjøp utgjer av omsetninga. Denne faktoren har vi greidd å halde låg i mange år. Den høge omsetninga reduserte kostnads-faktoren til 36 % fra 40 % året før.

Dei høge lønskostnadene jamført med omsetninga, og prispresset frå konkurrande tilbod med andre krav til matproduksjon enn våre, gjorde det framleis vanskeleg å ta dei prisane vi burde ha.

Programansvarleg og kjøkkenleiar samar-beidde også i 2008 tett om kafétilbod ved kulturarrangementa. Dette gir viktige inntekter, sjølv om vi ikkje heilt har klart å etablere ein kultur for kafébesök i samband med ar-rangement enno.

Dei fem festspeldagane er den årlege om-setningstoppen. I kafeen gjekk omsetninga, utanom internomsetninga, ned frå 132 000 kr i 2007 til 120 000 kr i 2008. Frå 2002 har laurdag vore den største publikumsdagen. For kaféomsetninga sin del treng vi mange arrangement med matsal som ein integrert del av tilboden i tunet.

Omsetninga i sommarsesongen juni–august auka fra 228 000 kr i 2007 til 294 000 kr i 2008. Også dette året handterte som-marvikarane kafeen i ferien til kjøkkenleia-ren. Dette reduserte personalkostnadene, men gjorde det likevel mogleg å gi publikum eit godt tilbod.

Som før er kafeen ein viktig del av det samla publikumstilbodet vårt. Det skal alltid vere open kafé med mattilbod når Ivar Aasen-tunet er ope. Vi skal tilby ein variert meny med mat av høg kvalitet, laga av gode råvarer og minst mogleg halvfabrikata. I staden for middag tilbyd vi smakfulle smårettar i tillegg til kaker, kjeks, kaffi og te.

Sesongane varierer så mykje at det er vanskeleg å reindyrke éin stil, men vi prøver å kombinere det tradisjonelle med det moderne. Vi har utvikla ein eigen gruppemeny, og ein meny med to- og trerettarsmiddagar for ulike typar selskap.

## 7.2 Utleige

Inntektene frå utleige av lokale gjekk ned frå 63 000 kr i 2007 til 41 000 kr i 2008. Sammen er med i omsetninga for kafeen i kap. 7.1.

Talet på utleigearrangement auka frå 57 i 2007 til 64 i 2008. Dette gav oss 3186 gjester, mot 3007 året før. Trass i fleire gjester gjekk inntektene frå lokalutleige ned. Truleg leigde fleire kafé og møterom enn den dyrare salen, og fleire hadde leigeavtalar med pakkepris. For den samla omsetninga var difor utleigegjestene truleg endå viktigare i 2008 enn før. Det inneber at utleige er blitt eit viktig inntektsgrunnlag for kafédrifta, og ein viktig del av den allmenne marknadsføringa av institusjonen.

Både offentlege og private institusjonar og bedrifter nytta seg av tilbodet vårt i 2008. Kafeen blir også brukt jamt meir til konfirmasjonar, fødselsdagsfeiringar og andre private arrangement.

Prisane for utleigetenester blei ikkje justerte i 2008, men er auka frå januar 2009. I tillegg til vanlege utleigeprisar for dei ulike lokala lagar vi differensierte arrangementspakkar.

Den gamle utleigebrosjyren vart brukt også i 2008. Vi sette i gang arbeidet med å lage ein ny brosjyre, som i kombinasjon med kunderegister med e-postadresser kan gi gode resultat.

Ivar Aasen-tunet er ein møte- og kursstad som skil seg ut frå alle andre tilbod i regionen. Salen har eit stort potensial som enno ikkje er teke ut, sjølv om tekniske ting som

lyd, lys og ventilasjon framleis kan bli betre. Stikkord her er betre fordeling av varme og ventilasjon, enklare regulering av lysrigg og ikkje minst å få bukt med luktpproblem frå avlopssystemet.

## 7.3 Butikk

Omsetninga i butikken auka med 38 % frå 530 000 kr i 2007 til 733 000 kr i 2008. Av dette utgjorde internomsetninga 61 000 kr mot 47 000 i 2007. Drifta resulterte i eit overskot på 79 000 kr mot 89 000 kr året før.

Omsetninga i sommarsesongen juni – august var på 339 000 kr. Festspeldagane auka omsetninga med 8 % frå 105 000 kr i 2007 til 113 000 kr i 2008. Desse fem dagane blir altså viktigare og viktigare, og festspelomsetninga i butikken er dobla på fire år.

Butikken omsette for kr 36,30 pr. registrert gjest, utanom internomsetning, mot kr 29,00 i 2007.

Kostnadsfaktoren (sjå kap. 7.1) auka frå 66 % i 2007 til 70 % i 2008. Både eigenproduserte og andre varer skal halde høg kvalitet. Dette gjer det vanskeleg å setje utsalsprisane høgt nok. Vi selde meir av andre varer enn bøker enn før, men vi selde ein god del varer for billig. Den positive utviklinga i butikken kan etter kvart utløyse behov for auka kapasitet.

I 2008 selde vi bøker for 278 000 kr, mot 239 000 kr året før (utan internomsetning). Dette utgjorde i 2008 37 % av totalomsetninga, mot 44 % året før.

Salet av andre varer enn bøker auka frå 242 000 kr i 2007 til 388 000 kr i 2008 (utan internomsetning). I tillegg kom kommisjonsal av keramikk og smykke for 78 000 kr.

## 7.4 Nettbutikk

I 2008 satsa vi for første gong tydeleg på nettbutikken. Ordretalet auka frå 61 i 2007 til 144 i 2008, og omsetninga auka frå 24 000 kr til 55 000 kr. Med det utgjorde omsetninga i nettbutikken 7,2 % av samla butikksal. Her er det mykje å hente.

Ved årsskiftet kunne nettkundane velje mellom over 200 varer. Kvar månad var 250–300 brukarar innom nettbutikken. Førstast var der i feriemånaden juli, medan

haustmånadene som vanleg var handletid – med ein topp i november.

### 7.5 Vareutval

Ved årsskiftet hadde butikken 395 ulike varer på lager, mot 463 året før. Lagersystemet er sprengt og tungvint, og blir modernisert i 2009.

Butikken prøver å føre eit breitt utval av nynorsk litteratur, særleg bøker av og om Ivar Aasen, om nynorsk språk- og kulturhistorie, nynorske barnebøker og bøker av forfattarar som er med i kulturprogram og festspelprogram. Ivar Aasens *Ordtak i utval* sel framleis jamt og trutt. I 2008 gav Hauge/Tveitt-jubileet mykje sal av bøker og andre effektar.

*Dialektspelet* har vore i sal sidan 2002, men blei i praksis utsett i 2008. Det vil seie at 1000 eksemplar er gått ut.

Butikken utvikla også i 2008 fleire nye varer. *Årets festspelkrus* var nr. 6 i rekka med originaltekstar av festspeldiktatar, og hadde tekst av Lars Amund Vaage. *Årets festspel-skjorte* med tekst av festspeldiktaren blei før første gong nesten utseld. Vi utvikla også fleire nye produkt som gjekk godt, til dømes *einskildmagnetar med Aasen-ordtak* og *boklys med Aasen-sitat*. Magnetsett med Aasen-ordtak og foto selde derimot dårlig.

Det mest nyskapande produktet var *Aasen-minnepinnen*, utvikla av 10. klasse ved Ørsta ungdomsskule under ein gründercamp. Klassen vann prisen for beste produkt i tevlinga. Ei *tunkatt-ord-t-skjorte* blei også utvikla, og den blei så fin at fleire spurde etter vaksentorleikar.

Salet av tunbjørkeplanter, klona kopiar av Storebjørka, nærma seg 100 eksemplar ved årsskiftet. Alle blir leverte med nummerert og signert sertifikat.

Arbeidet med ei heilskapleg utforming av butikkinnreiinga heldt fram i 2008. Vi fekk laga ny eksponeringshylle ved inngangen til salen og nye hyller i bokdelen av butikken, alt i samråd med arkitekt Henrik Hille. Dette arbeidet held fram i 2009.


## 8. Nettstadene

I 2008 hadde nettstaden 286 145 gjester, mot 214 455 året før. Til forskjell frå åra før var gjestetalet pr. månad høgast om sommaren (juni, juli og august). Ein viktig årsak til dette er m.a. Dei nynorske festspela.

Publikum kunne i 2008 velje mellom 8150 tekstdokument på nettstadene, mot 7100 året før.

Det viktigaste nye tilskotet på nettstadene i 2008 var Tunkattens songbok som blei lansert 23.1. Ved lanseringa inneheldt songboka til saman 35 songar – 23 eldre, tradisjonelle barnesongar og 12 nyskrivne. Fleire songar kom til utover i året, mellom anna vinter- og julesongar som blei publiserte i november. Ved årsskiftet inneheldt songboka såleis 49 songar. Heile 20 av desse var nyskrivne.

Figur 8. Unique brukarar på nettstadene 2000-2008



I 2006 tok vi i bruk eit nytt statistikkprogram som lukar ut søkjerobotar m.m. Tala før og etter kan difor ikkje jamførast direkte.

### 8.1 aasentunet.no

Nettstaden [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) blei opna 26.4.2000, to månader før Ivar Aasen-tunet blei opna. Ved utgangen av 2008 var om lag 7650 tekstdokument tilgjengelege på nettstaden.

### 8.2 tunkatten.no

Tunkatten.no er eit aktiviserande formidlingstilbod for born i alderen 5–12 år om med nynorsk språk og litteratur. Nettstaden blei opna 12.9.2006 og inneheldt ved årsskiften litt over 300 dokument, inkludert lydfiler og notar til songane i Tunkattens songbok.

### **8.3 garborgnett.no**

Nynorsk kultursentrum tok i 2002 over [www.garborgnett.no](http://www.garborgnett.no) frå Stiftinga Garborg-året 2001. Nettstaden inneheld om lag 200 dokument og er eit temabasert oppgåvetilbod til elevar i ungdomsskulen og vidaregåande skule.

### **8.4 Besøk og bruk**


År for år har vi bygt ut nettstaden i retning av å bli den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur. Vi tek også mål av oss til at den skal vere betre enn gjengs offentleg standard for nettstader.

Det faglege innhaldet er ein svært viktig del av nettstadene. Sidene om Ivar Aasens liv og verk var dei mest populære i 2008, med 16 200 besøk. På andre plass kom Tunkattens aktivitetar og spel (14 600), medan Tunkattens songbok (12 000) var den tredje mest besøkte delen av nettstadene alt i sitt første år.

Tunkattens songbok tilbyr nedlasting og avspeling av lydfiler med songane. I 2008 gav dette 22 150 avspelingar og 16 900 nedlastingar. Den mest populære songen var ”Bøna”, ein av to vinnarar i tunkattens songkonkurranse i 2007. Denne songen blei spelt av eller lasta ned 3354 gonger.

Dei fleste brukarane kjem til nettstadene direkte gjennom adressene aasentunet.no eller tunkatten.no. Før var det meir vanleg å kome inn gjennom søkjemotorar som Google og Kvasir.

**Figur 9. Sidevisingar pr. månad 2008**



Nettstadene er mykje brukte i skuleverket. Det vil seie at mange elevar, studentar, lærarar og andre fagfolk finn tilbod på nettstadene våre som dei ikkje finn andre stader.

Kvar nettgjest såg i gjennomsnitt på 2,4 sider i 2008, mot 2,7 sider året før.

### **8.5 Nettbiblioteket**

*Fedraheimen* er den største samla tekstmengda som har blitt publisert i Nettbiblioteket til no. Ved utgangen av året var om lag 2700 artiklar frå dei fire første årgangane publiserte.

Det meste frå Ivar Aasens hand er tilgjengeleg. Rekna som enkeltdokument hadde vi publisert over 600 digitale tekstar av Ivar Aasen ved årsskiftet. Til no har vi også publisert 15 artiklar og dikt om Aasens liv og verk

Nettbiblioteket blei opna i 2001. Dette er og skal vere den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk.

Til no har vi bygt opp biblioteket ved at vi har gått over gjerdet der det har vore lågast, til dømes med dugnadsprosjekt, og der det har vore midlar å hente til publisering. Vi har konsentrert publiseringa om tekstar som har falle i det fri opphavsrettsleg, dvs. av forfattarar som døydde før utgangen av 1938. Langt dei fleste tekstane skriv seg frå før 1920.

Nettbiblioteket inneheld difor både sentrale og kuriøse tekstar frå den nynorske kulturhistoria. Det kuriøse ligg særleg i utvalet av forfattarar, som til no har vore nokså vilkårleg.

### **8.6 Allkunne**

Ved utgangen av 2008 låg det føre manuskript på til saman 1 million teikn til det digitale leksikonet Allkunne. Nettstaden Allkunne.no blir opna i 2009.

Etter mange års forarbeid sette Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum i 2007 i gang prosjektet *1001 tekstar*. Dette var eit delprosjekt i arbeidet med å utvikle nynorsk kvalitetsinhald på Internett i form av eit allment leksikon på nynorsk. *1001 tekstar* skulle utvikle stoff om nynorsk kulturhistorie.

I 2008 heldt arbeidet fram, frå 20.8.2008 gjennom datterselskapet Allkunne AS. Aktsjekapitalen er 100 000 kr, delt likt mellom dei to eigarane. I styret sat Arild Thorbjørnsen (styreleiar), Magni Hjertenes Flyum og

Tom Skovdahl. Frå 1.8. var Randulf Rønning tilsett i eit treårig engasjement som dagleg leiar.

Hovudredaktør var Ottar Grepstad. Ved årsskiftet var dei andre redaksjonsmedleme ne frilansar Eirik Helleve, bibliotekleiar Kirs ti Langstøyl og lektor Vibeke Lauritsen. Redaksjonen hadde sju møte i 2008.

Grunnlaget for Allkunne er årlege løy vingar frå Kultur- og kyrkjedepartementet frå og med 2006. Dei samla kostnadene for 1001 tekstar/Allkunne i 2008 var på 806 000 kr. Av dette var 244 000 kr eingongshonorar til artikkelforfattarar. Ubrukte midlar på 3,7 millionar kr blei overførte til 2009.

På vegner av prosjektet signerte Nynorsk kultursentrum 4.2. forfattaravtale med Norsk Faglitterær Forfatter- og oversetterforening, og samarbeidsavtale med LINO. Redaksjonen utvikla ein omfattande redaksjonsplan og ein mal for ulike typar artiklar som fornyar den digitale leksikonsjangeren. Redaksjonen gjekk i desember breitt ut for å rekruttere forfattarar. Dette arbeidet viste seg å vere vesentleg meir tidkrevjande enn ein hadde rekna med.

Grunnlaget for rekruttering av forfattarar og tinging av artiklar var ei liste over om lag 2600 prioriterte oppslagsord om nynorsk kulturhistorie med ei samla tekstmengd på over 4 millionar teikn. Med Allkunne blir emnefeltet utvida til eit allment leksikon.

## 9. Informasjon

Vi brukte 885 000 kr i marknadsføring i 2008, mot 851 000 kr året før. Dette utgjorde 6,5 % av samla driftskostnader, mot 6,0 % i 2007.

Administrasjonen praktiserte også i 2008 open informasjon og svara på alle dei spørsmåla som kom. Styresmaktene slo i 2000 fast at offentleglova ikkje gjeld for oss, men vi har sidan 2004 praktisert meiroffentlegheit, blant anna med offentleg tilgjengeleg postjournal. Vi tek også omsyn til arkivlova med tanke på det privatarkivet Aasen-tunet representerer.

### **9.1 Presse og kringkasting**

Vi sende i 2008 ut over 100 pressemeldingar. Dei aller fleste blei også publiserte på nettstaden.

Nynorsk kultursentrum fører ein aktiv informasjonspolitikk med pressemeldingar og annonsar for alle arrangement. Vi sender også ut pressemeldingar om sentrale kulturpolitiske spørsmål og fagartiklar til dagspres se og tidsskrift.

To storthendingar i april gav oss særleg mykje merksemd i media. Først blei Ivar Aasen-tunet heidra med A.C. Houens fonds diplom for framifrå arkitektur. Kort tid etter blei utescena i Aasen-tunet opna av H.K.H. Kronprins Haakon. Dette gav reportasjar i riksdekkjande media som NRK og TV2.

Ved lanseringane av kulturprogramma vitja programansvarleg og informasjonsleiar utvalde redaksjonar. Festspelprogrammet blei lansert med eigen pressekonferanse i Aasen-tunet og pressemøte med utvalde avisar i Oslo same dagen.

Mediedebatten som Nynorsk mediesenter arrangerte under Dei nynorske festspela gav grunnlag for mange oppslag i fleire riksmedia og store regionavisar som Bergens Tidende. Festspela blei også godt profilerte gjennom innslag i Reiseradioen i NRK P1 torsdag, fredag og søndag.

Lurivar fekk også ein god del merksemd i 2008. Lokalt var det fleire reportasjar frå skuleturneen *Katta i sekken*, og *Tunkattens songbok* blei omtala i fleire riksmedia både ved lanseringa i januar og ved lansering av vinter- og julesongar i november.

I samarbeid med Noregs Mållag og LNK abonnerte vi på medieklipper fra Retriever.

### **9.2 Trykksaker**

I 2008 gav vi ut to utgåver av meldingsbladet *Symra*. Med opninga av Eiksund-sambandet blei opplaget auka i tillegg til at bladet fekk ny formgiving i sin 10. årgang. Dei to utgåvene kom i januar og september, begge trykte i meir enn 20 000 eksemplar, og inneholdt smånotisar og oversyn over kulturprogrammet. Bladet blei distribuert både etter faste adresselister og til alle husstandane i Eid, Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta.

Dei nynorske festspela hadde i 2008 same grafiske profilen på alle trykksakene. Plakat, programavis, annonsar, festspelbanner og flagg til sentrumsgatene blei laga lokalt på bakgrunn av ein grafisk profil som elleMelle utvikla i 2007. I 2008 var Herborg Kråkevik blikkfang på både plakat og i anna programprofilering. Vi laga også t-skjorter med sitat frå ei av bokene til festspeldiktaren Lars Amund Vaage.

Festspelavisa var som tidlegare år ei egenprodusert avis i tabloidformat, 28 sider i fire fargar. Avisa blei trykt i 40 000 eksemplar og distribuert som istikk i heile opplaget til Sunnmørsposten fredag 6.6., dessutan etter våre eigne adresselister.

Vi sende også ut eigen programfaldar til alle husstandane i dei åtte nærmaste kommunane.

Festspelplakaten blei trykt i 1000 eksemplar i fleire format og send til mellom andre bibliotek, kulturhus og rådhus i utvalde kommunar.

I 2008 laga vi dessutan eigen plakat for å marknadsføre utstillingstilbodet om sommaren. Denne blei trykt i 1200 eksemplar i A2, A3, A4 og som flygeblad, og distribuert til utvalde nynorskkommunar, turistinformasjonar og fleire stader lokalt.

### 9.3 Annonsering

Alle kulturarrangement blei annonserte i lokalavisene i Ørsta og Volda, i fleire annonsar i Sunnmørsposten, einskilde andre lokalaviser på Sunnmøre og i Dag og Tid.

For Dei nynorske festspela brukte vi i 2008 litt meir til riksannonsering enn året før, og litt mindre til lokal annonsering.

Vi var også i 2008 med i Ørsta Reiselivslag og Destinasjon Ålesund & Sunnmøre si marknadsføring av regionen og hadde både redaksjonell omtale og eigne lysingar i deira trykksaker. Vi var dessutan med i to-tre nettatalogar med oversyn over museum og/eller kulturreisemål.

I heile 2008 hadde vi fast reklameplass til ein plakat i lyskasse på ferja mellom Volda og Folkestad og på ei av ferjene mellom Festøya og Solavågen.

### 9.4 Reiselivssamarbeid

Som medlem i Ørsta reiselivslag og i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (DÅS) har vi mellom anna vore med i reisemålskatalogar frå FjordNorge, i tillegg til at Ivar Aasen-tunet er nemnt som reisemål i brosjyrar og anna trykt materiell frå reiselivslaga. Vi presenterte Ivar Aasen-tunet og Festspela på fleire lokale samlingar for medlemer av DÅS, mellom anna i Ørsta og Ulsteinvik.

### 9.5 Skilting til tunet


Med opninga av Eiksund-sambandet i februar fekk vi nye skilt til tunet frå E39. Skilta følger den nye skiltmalen til Statens vegvesen og er brune. Dei skil seg difor meir ut frå andre vegskilt i området. Vi har førebels ikkje slik skilting på Volda-sida og Ulstein-sida av rundkjøringa.

## 10. Gjester

Nynorsk kultursentrum hadde 22 300 gjester i 2008 mot 16 731 i 2007. 33 % fleire gjester enn i 2007 var eit svært god resultat sjølv utanom dei 1800 som var i tunet den dagen då H.K.H. Kronprins Haakon opna utescena og planta tunbjørka.

Frå og med 2005 la vi om til ei større satsing på nettstaden, vel vitande om at det kunne redusere talet på vanlege gjester. Det er svært viktig for oss å vere tilgjengelege og til nytte for publikum langt utanfor nærområdet, og då er nettstadsatsinga eit viktig grep.

Figur 10. Gjester og brukarar i alt 2000-2008



I 2008 passerte vi for første gong gjestetalet frå opningsåret 2000, og den symbolske grensa 20 000. 8180 gjesta utstillingane, medan 14 120 var på arrangement.

Frå og med 2000 har Nynorsk kultursentrum til no hatt 166 350 gjester.

## 10.1 Gjesteprofil

Den offisielle museumsstatistikken frå ABM-utvikling for 2007 er den nyaste tilgjengelege.

11 museumseiningar i Møre og Romsdal hadde i 2007 351 000 gjester. Av dette stod Nynorsk kultursentrum for 4,8 %, mot 5,4 % i 2007. Derimot hadde vi 89 % av alle nettstadgjester i fylket i 2007.

19 % av gjestene våre deltok i 2007 i pedagogisk verksemde for barn og unge, mot 11 % for heile fylket og 9 % for alle museum i landet.

Tabell 4 syner både at gjesteprofilen endrar seg med tida og at svingingane er store frå år til år. Igjen vert utstillingsgjestene, og under dette skuletilbodet, viktigare.

**Tabell 4**  
**Gjesteprofil etter aktivitet og år 2005-2008**  
Prosent

	2005	2006	2007	2008
Kulturprogram	18	19	15	13
Festspela	38	37	37	28
Utleige	21	14	13	14
Utstillinger	23	31	35	45
<b>Sum</b>	<b>99</b>	<b>99</b>	<b>100</b>	<b>100</b>

Tabell 5 syner ei jamnare fordeling mellom sesongane enn det som er vanleg ved slike institusjonar. Både utesceneopninga og turneane gav mykje høgare gjestetal i vårsesongen enn det vi har hatt før. Fordelinga mellom sesongane gjer det framleis mogleg å utnytte ressursane optimalt og at arbeidspresset er ganske jamt året gjennom.

**Tabell 5**  
**Gjester etter sesong 2000–2008**  
Prosent

	Vår	Sommar	Haust
2000		66	34
2001	31	41	28
2002	24	45	31
2003	17	51	20

2004	23	50	27
2005	26	52	22
2006	26	52	22
2007	21	49	30
2008	37	38	26

Vi gjennomførte den vanlege publikumsundersøkinga i perioden 4.7.–15.8., med dei same spørsmål og på same måten. Resultata viser i stor grad dei same tendensane som før.

Nær halvparten av gjestene var i alderen 49–68 år. Vi hadde gjester frå alle fylka, men få lokale fastbuande, og det kom ikkje fleire frå Eiksund-regionen enn før. Her burde vi nok ha marknadsfört oss betre. 6 % av gjestene kom frå andre land.

Gjestene var anten på besøk hos vene og slektingar i nærområdet eller på gjennomreise. Særleg gledeleg var det at kvar sjette gjest hadde Aasen-tunet som mål for turen. Førhandsinformasjon om museet kom først og fremst frå slekt, vene og kjende, og frå media. Heile 9 % viste til informasjon frå vegskilt. Dette var første året vi hadde brune attraksjonsskilt, og utteljinga overraska.

Internett viser meir og meir att som informasjonskjelde i desse undersøkingane. Det inneber at nettstaden er viktig også for sommarsesongen.

Som før om åra var gjestene i det store og heile uvanleg godt nøgde med stundene i Aasen-tunet.

## 10.2 Opningstider

Opningstidene har, med små justeringar, vore dei same sidan opningssesongen, med utvida opningstider under Dei nynorske festspela, og ope enkelte dagar i dei store høgtidene.

*16. august – 14. juni:* måndag – fredag 10–16, lørdag 12–17.

*15. juni – 15. august:* måndag – fredag 10–17, laurdag og lørdag 12–17

Ivar Aasen-tunet var ope 322 dagar i 2008 mot 305 i 2007. Av dette var 72 dagar utan besøk på arrangement eller i utstillingar.

## 10.3 Billettprisar

Prismodellen frå opningssesongen blei ført vidare også i 2008, med desse prisane:

- Vaksne 70,00

- Barn (6–16), honnør, student 35,00
- Familie (inntil to vaksne) 150,00
- Grupper (minst 15 personar) 35,00 pr person
- Skuleklassar 20,00 pr person
- Barnehagar 10,00 pr person
- Utstillinger i Galleriet 30,00
- NAF-medlemer ("Show your card") 35,00
- Tillegg for billett utanom opningstid 25,00

Under Festspela hadde alle gjester fritt tilgjenge i basisutstillinga.

Nynorsk kultursentrum har like sidan opningssesongen lagt vekt på å venje publikum til at kvalitet kostar og at dei skal få valuta for pengane. Over tid må difor prisane justerast oppover. Samstundes skal tilbodet vårt romme høveleg mange arrangement som er gratis eller kostar svært lite. For arrangement varierte prisane frå gratis til 320 kr.

Under Festspela hadde vi som før om åra både gratistilbod, svært rimelege arrangement og nokre dyrare. Publikum kunne løyse festspelpass til 1050 kr som gav tilgjenge til alle arrangement. I enkelte høve var det også mogleg å kjøpe fellesbillett for fleire arrangement.

#### **10.4 iTicket**

I 2008 selde vi billettar for 138 000 kr gjennom iTicket, mot 65 000 kr året før. Dette utgjorde 25 % av det samla billettsalet til arrangement og festspel, mot 9 % året før.

Gjennom iTicket kan publikum over heile verda kjøpe billettar til alle arrangement på Internett, via vår eigen nettstad eller billettluka.no. Desse kan hentast hos Narvesen eller 7-Eleven.

## **11. Økonomi**

Inntektene auka med 9,9 % frå 12,1 millionar kr i 2007 til 13,3 millionar kr i 2008. Driftskostnadene auka med 12,2 % frå 12,1 millionar kr i 2007 til 13,6 millionar kr i

2008. Nynorsk kultursentrum har aldri hatt høgare omsetning.

### **11.1 Investeringar**

Investeringane i 2008 utgjorde over 3,1 millionar kr. Dei to store prosjekta var utescena og stabburstak.

Hovudentreprenør for utescena var Volda Bygg, og Ottar Skare var byggjeiar. Medrekna planlegging og prosjektering over fleire år kosta utescena 2 791 000 kr. Samla tilskot kom på 2 350 000 kr. Eigenfinansieringa utgjorde dermed 441 000 kr, som var i samsvar med prosjektbudsjettet.

Vøling av stabburstaket blei utført av Inge Kolås. Arbeidet kom på 370 000 kr, som var vesentleg meir enn vi rekna med i budsjetten for 2008, men i samsvar med det anbodet vi godtok vinteren 2008.

Desse store prosjekta blei slutførte samstundes, innanfor tidsfristane og med arbeid av beste merke.


### **11.2 Drift**

*Driftsinntektene* har auka markert nesten kvart år. 2008 blei ikkje noko unntak frå dette.

Eigeninntektene er alle inntekter utanom ordinært driftstilskot frå staten. Desse auka med 4,3 % frå 4 050 000 kr i 2007 til 4 224 000 kr i 2008. Så store eigeninntekter har vi aldri hatt før. Eigeninntektene utgjorde 32 % av samla inntekter i 2008, mot 33 % i 2007.

Billettsalet auka med 8 % frå 707 000 kr i 2007 til 768 000 kr i 2008. Dette utgjorde 5,8 % av samla omsetning, mot 5,9 % i 2007.

**Figur 11. Inntektsprofil 2000-2008. Mill. kr**



Bruttoomsetninga over kassa auka med 33 % frå 1,8 millionar kr i 2007 til 2,4 millionar kr i 2008. I tabell 6 er omsetninga fordelt på dei ulike driftsområda. Billettsal, kafé

og butikk utgjer etter kvart tre nokså like store omsetningseiningar.

*Kostnadene* auka altså noko meir enn inntektene i 2008. Mykje av dette kan forklaraast med kostnader ved bygging av ny utescene og meir vedlikehald.

Av dei seks ordinære rekneskapsavdelingane auka fem omsetninga i 2008. Berre Dei nynorske festspela kom ut med ein liten reduksjon. Alle avdelingane utanom Administrasjon forbetra resultatet frå budsjett til rekneskap.

**Tabell 6**  
**Kassaomsetning etter driftsområde 2005–2008**  
Prosent

	2005	2006	2007	2008
Billettar utstilling	10	8	8	9
Billettar arrangement	24	22	28	23
Butikk	29	34	30	31
Kafé og utleige	37	36	34	37
I alt	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>

Svært mykje planlagt og nødvendig vedlikehald blei gjennomført i 2008, men noko måtte av kapasitetsgrunnar utsetjast til 2009.

Auka aktivitet gir også auka lønskostnadene, men desse utgjer framleis under halvparten av driftskostnadene: 47 % i 2008 mot 48 % i 2007 og 2006. Vi har like sidan 2000 lagt stor vekt på lønskostnadene bør ligge godt under 60 %, slik at handlefridomen og fleksibiliteten i drifta er der. Kombinasjonen av lågare lønskostnadsdel og stor aktivitet viser at arbeidspresset var høgt også i 2008.

Varelageret hadde ved utgangen av året ein verdi på 306 000 kr, mot 318 000 kr i 2007. Også i 2008 la vi stor vekt på at vi ikkje skal bygge opp fiktive verdiar i varelageret. Ved årsskiftet reduserte vi difor varelageret med 25 000 kr i ukurans, mot ein tilsvaranande reduksjon på 51 000 kr i 2007. Varetalet blei redusert frå 463 ved utgangen av 2007 til 395 ved utgangen av 2008.

### 11.3 Prosjektilskot

Nynorsk kultursentrum hadde i 2008 svært låge prosjektilskot – berre 467 000 kr mot 1,7 millionar kr i 2007. Dette heng saman med sentraliseringa av statleg finansiering av kulturinstitusjonar. Vi inntektsførte desse tilskota:

- Det Norske Samlaget: 139 000 kr til *1001 tekstar*
- Norsk kulturråd: 75 000 kr til tingingsverk på Dei nynorske festspela
- Fritt Ord: 62 000 kr til basisutstillinga (restsum 461 000 kr overført til 2009)
- Møre og Romsdal fylke: 81 000 kr til Dei nynorske festspela
- Volda kommune: 50 000 kr til Dei nynorske festspela
- Ørsta kommune: 50 000 kr til Dei nynorske festspela, 10 000 kr til utstillingsprosjekt

Frå utstillingsprosjektet *Undrande og skapande* blei det overført 34 000 kr til utvikling av vandreutstillingsdelen i 2008. Midlane blei ikkje brukte og er overførte til 2009.

### 11.4 Samarbeidsavtalar

I 2008 fekk vi på plass gode og langsiktige sponsoravtalar for åra 2008–2010. Rekneskapsførte inntekter frå desse avtalane utgjorde 388 000 kr mot 98 000 kr i 2007.

Vi har no fire hovudsponsorar: Sunnmørsposten, Sparebanken Ørsta Volda, Tusse og ABC Startsiden. Fjord1 var festspel-sponsor.

Dei nynorske festspela hadde i tillegg desse 41 samarbeidspartnerane i 2008: Amfi Ørsta, Bama, Blåmann barnebokklubb, Det Grøne Treet, Det Norske Samlaget, Friele, Fugl Føniks kaffibar, Gilde, Hauge-Tveitt jubileet 08, Hovdebygda idrottslag, Kafé Fru Svendsen, Kontaktpunktet, Møre folkehøgskule, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Norsk Ordbok 2014, Nynorsk mediesenter, Oktober forlag, Ole Ringdal as, Sunnmøre Mållag, Tide, Tine, Viking Fjord Hotel, Volda bil, Volda bygdetun, Volda elektriske mylne, Volda folkebibliotek, Volda Golfklubb, Volda handelsforening, Volda kunstlag, Volda sokneråd, Volda Mineralvatn, Volda Mållag, Volda Røde Kors, Westres bakeri, Ørsta bygdemuseumslag, Ørsta folkebibliotek, Ørsta idrottslag alpint, Ørsta kunstlag, Ørsta Mållag, Ørsta sokneråd og Ørsta Torg.

Volda Mineralvatn laga også i 2008 eigen festspelbrus, denne gong som vatn med kol-syre.

Vi takkar dei alle!

## **11.5 Samfunnsrekneskap**

Den kulturokonomiske verdien av institusjonar som vår er stor. Nynorsk kultursentrum skapte verdiar for mange i 2008:

- 1 421 000 kr i skattetrekk og 793 000 kr i arbeidsgivaravgift, til saman 2 214 000 kr, mot 2,0 millionar kr i 2007. Dette utgjorde 16 % av samla kostnader i 2008.
- 6,4 millionar kr i bruttoløn, mot 5,4 millionar kr i 2007.
- 838 000 kr i honorar til utøvarar ved kulturarrangement og under Dei nynorske festspela, mot 546 000 kr i 2007.
- Lønsoppgåver for 76 lønsmottakarar i 22 kommunar i 2008, mot 73 lønsmottakarar i 26 kommunar i 2007.

Frå og med 2000 har Nynorsk kultursentrum betalt løn til personar busette i 118 kommunar spreidde over alle fylka.

Ved musea i Møre og Romsdal blei det utført 107 lønte årsverk. Nynorsk kultursentrum stod for 12 % av desse.

## **12. Perspektiv 2013**

Nynorsk kultursentrum førte vidare det omfattande kulturpolitiske arbeidet sitt i 2008. I det samla arbeidet vårt la vi også dette året stor vekt på at norsk museumspolitikk framleis treng ein del museum som har nasjonale funksjonar og løyser nasjonale oppgåver. Både her og meir allment markerer vi tydeleg at vi er ein sjølvstendig institusjon.

Mykje av vår forståing av den norske språk- og kultursituasjonen låg til grunn for språkmeldinga frå regjeringa Stoltenberg. Avstanden til praksis var derimot stor: Heller ikkje i 2008 fekk alle skuleelevarane dei nynorske lærermidla sine i tide. Både årstalen og andre tiltak dokumenterte at det trengst sterke og målretta tiltak for at born med nynorskbakgrunn skal få den språklege sjølvkjensla dei treng og fortener.

Dette er grunnlaget for vidare verksemd frå Kulturminneåret 2009 til Språkåret 2013.

### **12.1 Ein nasjonal kulturinstitusjon**

Både formelt og gjennom praksis er Nynorsk kultursentrum ein nasjonal institusjon.

Vi har 21 stiftarar i ryggen. Blant desse er fire av dei seks universiteta, alle dei viktige nynorskinstitusjonane, fleire fylkeskommunar og kommunar, og fleire forskingsinstitusjonar. Desse stiftarane utgjer i seg sjølv ei viktig samarbeidsflate.

Kvalitet skal vere kjennemerket for all verksemd i regi av Nynorsk kultursentrum.

Vi skal ha nasjonal spisskompetanse på dokumentasjon på nynorsk om nynorsk, med særleg vekt på kulturhistorie i vid tyding, det regionale og det biografiske. Vi skal vere tilgjengelege, synlege og til nytte for nynorskbrukarane og for andre som ønskjer å bruke tenestene og kunnskapen vår. Vi vil knyte til oss enkeltpersonar utanfor institusjonen som ein del av den kompetansen vi har til rådvelde for å løyse dei faglege hovudoppgåvene fram mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013.

Både økonomisk og på anna vis er det krevjande å drive ein nasjonal institusjon utanfor hovedstaden. Både massemedia og publikum har lett for å oppfatte slike institusjonar som lokale, sjølv om ein nasjonal institusjon i Oslo kan ha eit like avgrensa nedslagsfelt. Vi må difor bruke ein god del ekstra tid og pengar, ikkje minst reisekostnader, for å gjere den nasjonale profilen mest mogleg tydeleg.

Nynorsk kultursentrum spelar ei sjølvstendig og kritisk rolle i høve til styresmaktene. I dette ligg at vi er ein aktør i den norske offentlegheita både nasjonalt, regionalt og lokalt, og kritisk og konstruktivt er med og styrker den nynorske skriftkulturens plass i det norske samfunnet. Det er ikkje vår oppgåve å utøve noko forvaltningsansvar for det offentlege på arbeidsfelta våre, men tvert om øve press mot dei som har det ansvaret. Samstundes stiller Nynorsk kultursentrum gjerne sin kompetanse til rådvelde for arbeid og tiltak som kan gjere det lettare å vere nynorskbrukar.

Ivar Aasen-tunet som opplevelingssenter omfattar både utstillingar, kulturprogram, festspel, butikk og kafé, bibliotek og arkiv. Vi vil ikkje ha noko skarpt skilje mellom formidling og fagleg arbeid, eller mellom dokumentasjon og oppleveling.

Verdien av publikumstilboden må målast i meir enn gjestetal. Både arrangement, utstillingar og tilboden i kafé og butikk skal halde høg kvalitet. Mange av tilboda våre hadde ikkje blitt til om ikkje vi hadde gjort det vi gjorde. Ein del arrangement og utstillingar skal ha gjenbruksverdi, slik at dei kjem til nytte i det vidare faglege arbeidet.

Ivar Aasen-tunet som dokumentasjonssenter har to hovudoppgåver: ta vare på viktig dokumentasjon for ettertida, og aktivisere viktig dokumentasjon i kulturskapande verksemd. Dette dokumentasjonssenteret har eit digitalt tyngdepunkt i nettstaden [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no). Publisering av ulike typar tekstar vil prege nettstaden:

- Nøkkletekstar frå den nynorske skriftkulturens historie, både sakprosa og skjønnlitteratur
- Spesialskrivne artiklar om sentrale emne innanfor nynorsk skriftkultur
- Basistekstar på fleire språk om Ivar Aasen og nynorsk
- Talar, artiklar og nyheitsstoff frå eiga verksem

Nyvinningane til fordel for nynorskbrukarane og nynorsk skriftkultur generelt er nesten alltid resultatet av samordna og målretta innsats frå mange hald. Nynorsk kultursentrums legg sterkt vekt på samarbeid og samordning med både den organiserte målrørla og sentrale nynorskinstitusjonar om oppgåver som kan gi resultat.

Det siste tiåret har det kome til mange nye institusjonar, både i norsk kulturliv generelt og i nynorskmiljøet. Dette har skapt ein tendens til at evna til samarbeid jamt blir sett på prøve. Vi ser ein fare for at fleire små institusjonar på eiga hand prøver å byggje opp ein kompetanse som alt finst, eller som kunne bli sterkare gjennom samarbeid. Nynorsk kultursentrums tek svært gjerne del i prosjekt som samsvarar med forretningsideen vår. Der vi er med, ønskjer vi å vere aktive, ikkje eit namn til utlån.

## 12.2 Ein kulturinstitusjon i dialog med mange land

Ivar Aasen-tunet har fotfeste både lokalt og nasjonalt. I åra 2009–2012 skal dette bli ein kulturinstitusjon i dialog med mange land.

Dette skal prege kulturprogrammet og festspelprogrammet, utstillingane og andre delar av verksemda vår. På denne måten kan vi formidle erfaringar frå den språkdelte norske kulturen til andre land og kulturar, og vi kan ta inn impulsar andre vegen. Dette vil vere med og vise at nynorsk er eit språk som andre språk, og altså allminneleggjere den norske språksituasjonen. I første omgang tek vi initiativ til å etablere eit globalt nettverk av språk- og skriftkulturmuseum.

## 12.3 Årets nynorskbrukar

Nynorsk kultursentrums deler kvart år ut prisen *Årets nynorskbrukar* til personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktisk arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk. Styret i Nynorsk kultursentrums er jury for prisen.

I 2008 gjekk prisen til ÅmliaAvisa v/redaktør Inger Stavelin for viljen til å kome lesarane i møte med god lokaljournalistikk på nynorsk og til å fremje kulturelt mangfald i ein landsdel med sterke nynorsktradisjonar enn det dei store avisene i regionen viser.

Prisen – 50 000 kr, eit eksemplar av Dialektspelet og eit grafisk blad av Arne Nøst – blei overrekt av statsråd Magnhild Meltveit Kleppa under opningshøgtida for Dei nynorske festspela 25.6.

Til no har desse fått prisen:

- |      |  |
|------|--|
| 2000 | Högsterettsdomar Karl Arne Utgård                          |
| 2001 | Hotelldirektør og visepresident i NHO, Gerd Kjellaug Berge |
| 2002 | Ringstabekk skole  |
| 2003 | Redaktør Martin Toft                                       |
| 2004 | Musikkgruppa Side Brok                                     |
| 2005 | Forfattar Kjartan Fløgstad                                 |
| 2006 | Forretningskvinn og toppidrettsutøvar Kari Traa            |
| 2007 | Forlagsredaktør Guri Vesaas                                |
| 2008 | ÅmliaAvisa v/Inger Stavelin                                |

## 12.4 Stortingsmeldingar om språkpolitikk

Regeringa Stoltenberg la i 2008 fram to stortingsmeldingar om språkpolitikk: *St.meld. nr. 23 (2007–2008) Språk bygger broer frå*

Kunnskapsdepartementet, og *St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og meinung* fra Kultur- og kyrkjedepartementet. Vi er særleg nøgde med at vi fekk hove til å påverke innhaldet i *Mål og meinung* endå meir enn vi i 2003 påverka innhaldet i kulturmeldinga frå regjeringa Bondevik. Mykje av det språkfaglege arbeidet vi utførte i åra 2003–2007, viser att i meldinga.

Meldinga frå Kunnskapsdepartementet var språkpolitisk grei, men ordinær. Meldinga frå Kultur- og kyrkjedepartementet var ambisiøs og prinsipiell, men mange av dei 109 tiltaka var svært generelle. Denne meldinga blei presentert under Dei nynorske festspela, og vi arrangerte open høyring på Den europeiske språkdagen. Etter at Stortinget har sluttdrofta meldinga våren 2009, blir det viktig å følgje opp langs tre linjer:

- Utvikle nye analysar av språksituasjonen og språkutviklinga i Noreg som held fram der meldinga sluttar og set dagsordenen for slike spørsmål
- Halde høgt dei prinsippa som er nedfelt i meldinga, og som forpliktar både andre departement og heile den offentlege forvaltinga
- Utdjupe, presisere og målrette dei viktigaste tiltaka i meldinga

Nynorsk kultursentrums følgjer opp i nært samarbeid med resten av nynorskmiljøet i Nynorsk Forum.

## 12.5 Kulturelt mangfald

Arbeid for kulturelt mangfald har ein eigenverdi for ein institusjon som vår. Mangfaldåret 2008 fekk dverre lite å seie for ei utvida forståing av det norske kulturelle mangfaldet. Vi fører vidare arbeidet med å utvide forståinga av det norske og dokumentere det tradisjonelle norske kulturelle mangfaldet.

## 12.6 Språkpolitisk demografi

Busetnadsmønsteret har endra seg mykje sidan 1990, og folkeauken i storbyane er sterkt. Barnekulla vekslar i storleik, men er for tida mindre enn vanleg. Den geografiske endringa svekkjer den daglege bruken av nynorsk, medan den demografiske endringa reduserer mengda av nye nynorskbrukarar. Talet på elevar med nynorsk hovudmål i

grunnskulen minka frå 16,5 % i 1990 til 13,4 % i 2008. I absolutte tal var det 82 400 nynorskelever i 2008, mot 80 200 i 1990. Vi er langt unna nivået for kritisk masse, men det er ein ny situasjon den dagen skulemålsprosenten eventuelt fell under 10.

## 12.7 Språk i barnehøgd

I årstale nr. 8 dokumenterte Nynorsk kultursentrums kor viktige barnehagane er i utviklinga av barns språk, og kor lite dei fleste barnehagane gjer for å styrke språk- og sjølvkjensla hos born med nynorskbakgrunn. Born får sterke impulsar frå særleg tv, men sjølv om dei ser jamt meir tv, bruker dei mykje meir av dagen i barnehagen.

Analysen og vurderingane blir følgde opp, både overfor fagmiljøa og gjennom samarbeid der Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa er særleg viktig.

## 12.8 Den kulturelle skulesekken

Nynorsk kultursentrums har sidan 2003 arbeidd for å få språkpolitiske perspektiv inn i Den kulturelle skulesekken. Dette arbeidet gav handfast resultat i *St.meld. nr. 8 (2007–2008) Kulturell skulesekk for framtida*. Der heiter det i kap. 4.9 ”Formidling av kunst og kultur på nynorsk”:

”Skal nynorsk som den minst brukte av målformene kunne hevde seg, er det om å gjere at born og unge også får kulturimpulsar på nynorsk. Særleg viktig er det at elevar med nynorsk opplæringsmål møter si eiga målform på brei front i den formidlinga som skjer i skulen. Dei treng all den motvekt dei kan få mot den sterke bokmålspåverknaden utanfor skulen.

Auka vekt på å formidle kunst og kultur på nynorsk gjennom Den kulturelle skulesekken kan difor vere med å styrke den språklege identiteten til nynorskelevane. Den kulturelle skulesekken vil på den måten bygge opp under dei pedagogiske målsetjingane i skulen og i større grad gjere skulen til ein berar og formidlar av språkleg og kulturell identitet.

Det er viktig at kommunar og fylkeskommunar har dette språkpolitiske perspektivet i tankane i den vidare utviklinga av Den kulturelle skulesekken òg når dei legg konk-

rete planar for kunst- og kulturtilbodet i ordninga. I den samanheng er det ynskjeleg med eit visst tilbod på nynorsk også for bokmålselever.”

Nynorsk kultursentrum følger opp dette både med eigne, nye elevprogram og utviklingsprosjekt i samarbeid med fleire fylkeskommunar og Høgskulen i Volda.

### 12.9 Digital nynorsk

Internett er blitt daglegdags. Nynorsk må finnast i vanleg bruk der publikum er i kvar-dagen. Difor er utvikling av digitale tenester og tilbod på nynorsk svært viktig. Over 50 nynorske lokalaviser har eigne nettutgåver, fleire store medieselskap bruker nynorsk i større eller mindre grad på nettstadene sine, og offentleg forvaltning blir sakte betre i sin bruk av nynorsk. Vår rolle er å utvikle eigne gode nettstader, stimulere andre til å gjøre det same, og dokumentere verdien av at dette blir gjort.

### 12.10 Lærermiddel på nynorsk

Nynorskmiljøet samarbeidde tett om denne saka gjennom Nynorsk Forum i heile 2008. Den dokumentasjonen vi la fram om svikten hos skuleeigarane i 2007, blei stadfesta fullt ut av offisielle kartleggingar frå Utdanningsdirektoratet på oppdraget frå Kunnskapsdepartementet våren 2008. Regjeringa har gjort mykje for å forbetre situasjonen, men arbeidet har gått seint og er avhengig av at skuleeigarar, bokhandlar og forlag følgjer opp.

I 2008 arbeidde Utdanningsdirektoratet særleg med å endre forskriftene i opplæringslova for å klargjøre ansvar og verkeområde for denne lova. Dette kan gi viktige forbetingar, men arbeidet avdekte også gråsoner som andre departement må følgje opp. Framlegg til endringar blei sende på høyring vinteren 2009, og målet var at den nye forskrifta mellom anna skal gjelde for alle innkjøp av lærermiddel til skuleåret 2009/2010.

### 12.11 Høyningsfråsegner

Nynorsk kultursentrum sende 30.9. høyningsfråsegn til Kultur- og kyrkjedepartementet om ABM-utvikling. Vi la til grunn at museumsbransjen treng ABM-utvikling som ein støttande og rådgivande instans, men

med mykje større rom for initiativ og grep nedanfrå enn til no.

På ny framheva vi: At staten med økonomiske pressmiddel kan pålegge sjølvstendige institusjonar å omorganisere seg sjølve, er og blir eit problematisk prosjekt.

ABM-utvikling har endra seg mykje fra institusjonen kom i drift. Frå å drive etter ein forelda modell for statsetatarar der alt blei sett frå sentrum, spør no ABM-utvikling seg føre om kva andre meiner og tenkjer. Det er blitt tydelegare for ABM-utvikling at dei er til for kulturlivet, ikkje omvendt. Den rådgivande og støttande rolla blir altså den viktige i åra frametter, ikkje den styrande. At ABM-utvikling held fram med å lage enkle verktøy og gode standardar, er ein del av denne rolla. Ikkje minst treng musea ABM-utvikling til å utvikle gode og fleksible nettstadverktøy som tek vare på det behovet musea har for å styrke eigen identitet og tilby individuelle løysingar. Derimot var vi i sterkt tvil om Kulturnett er vegen å gå.

ABM-utvikling har generelt følgt ei ganske ryddig linje i bruken av nynorsk og bokmål. På eitt punkt har det derimot svikta alvorleg. I skriftserien *ABM-skrift* hadde det til då kome 50 nummer i serien, så godt som utan innslag på nynorsk. Vi bad difor om at dei neste 25 nummera bør vere på nynorsk, med ei god veksling vidare.

Vi trur altså at ABM-utvikling enno har eit stykke å gå på vegen til å bli eit opnare statsorgan med evne til å byggje meir på initiativ nedanfrå. Slik ABM-utvikling arbeider no, er sjanske gode for at det skjer.

### 12.12 Institusjonsbygging

Eit typisk trekk for nynorsk skriftkultur er at der er mange handlekraftige miljø og mange institusjonar, men at det alltid manglar pengar til å realisere dei beste ideane. Nynorsk-institusjonar samarbeider betre enn nokon gong og prøver å utnytte den nynorske marknadsmakta som finst. Også i framtida vil likevel nynorsk skriftkultur vere avhengig av målretta, offentleg støtte og positiv diskriminering.

Nynorsk kultursentrum var ved årsskiftet særleg involvert i den vidare utviklinga av desse institusjonane og tiltaka:

- Allkunne
  - Jon Fosse-arkivet
  - Norsk Barneblad
  - Falturiltu barnelitteraturfestival
  - Rasmus Løland-markeringa
- Tre av desse tiltaka har born som emne eller viktigaste målgruppe.

### **12.13 Endringar i Ivar Aasen-tunet**

Med opninga av utescena og plantinga av tunbjørka var Ivar Aasen-tunet komplett slik det var tenkt fram mot 2000. Det vil ikkje seie at tunet er ferdig utvikla. Såleis blir tilkomstvegen asfaltert og parkeringsplassen utvida i 2009.

Etterspurnaden og aktiviteten er alt mykje større enn det ein rekna med då institusjonen blei planlagd. Presset er difor stort i mange ledd. Alt dette gjer det nødvendig å avklare ei rekkje spørsmål i åra frametter:

- Ny bygning med kjøkken og kafé
- Bruk av stabburet
- Utbetring av Gamlevegen
- Utbetring av Galleriet
- Garasje og reiskapshus

Vedlikehald av naturlandskapet er ei kontinuerleg oppgåve.

Rådet har ved fleire høve streka under at vidare utbygging i Ivar Aasen-tunet bør vere ei av dei nynorske hovudsakene for det kommande tiåret.

### **12.14 Språkåret 2013**

I 2013 ville stiftaren av nynorsk ha fylt 200 år, og ei av dei viktigaste scenene for nynorsk – Det Norske Teatret – fyller 100 år.

Kvart år sidan 2003 har Nynorsk kultursentrum arbeidd med ei rekkje saker under fellesnemnaren ”Perspektiv 2013”.

Etter at Stortinget i 2004 drøfta *St.meld. nr. 48 (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014* står eit breitt politisk fleirtal bak ein politikk som følgjer dette tiårsperspektivet i stortingsmeldinga:

”I 2013 er det 200 år sidan Ivar A[as]sen vart fødd, og det tiåret som står att fram til dette jubileet, kan vera eit høveleg tidsperspektiv for eit meir systematisk arbeid med å styrkja den nynorske skriftkulturen. Eit slikt arbeid må skje over eit breitt felt, gjennom

eit sampel mellom private og offentlege aktørar.”

I arbeidet med jubileet i 2013 har både råd og styre lagt til grunn den same tilnærminga som fleirtalet i kultur- og familiekomiteen (alle partia utanom FrP) gjorde i budsjettinnstillinga for 2007:

”Flertallet vil understreke språkets betydning for kultur og identitet, og vil påpeke at man frem mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013 har et særskilt ansvar for å styrke arbeidet med nynorsk språk, litteratur og kultur. Nynorsk kultursentrum er sentralt i dette arbeidet.”

I *St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og mening* viser Kultur- og kyrkjedepartementet til denne merknaden og skriv at departementet vil kome attende til saka.

Det er viktig å avklare kvifor vi vil dette og kva vi vil bruke eit slikt jubileum til. Så langt har desse strategiske grepa skilt seg ut i drøftingane i råd og styre:

1. Jubileet bør framheve språkets rolle i samfunnsutviklinga, få ein tydeleg internasjonal profil og fange opp den moglege globale språklege maktforskyvinga i retning Asia, gjerne i form av samarbeidsprosjekt.

2. Hovudmålet bør vere at bokmåls-brukarane etter jubileet er like stolte av nynorsk som vi nynorskbrukarar er.

3. Sidemålet bør vere at alle i Noreg etter 2013 skal vite kvar Aasen kom frå og at der ligg Ivar Aasen-tunet.

4. Nynorsk kultursentrum skal drive 200-årsjubileet for Ivar Aasens fødsel i 2013.

5. Alle som ønskjer å vere med på feiringa, må kjenne seg raust velkomne.

6. Jubileet må ha vesentleg større driftsmidlar til rådvelde frå staten enn tilfellet var med Ivar Aasen-året i 1996, og at jubileet blir brukt til å styrke vilkåra for nynorsk-brukarane og nynorsk skriftkultur i tida fram mot 2030.

7. 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013 skal vere noko anna enn Ivar Aasen-året 1996, men kan gjerne ta opp att gode ting frå den store markeringa.

8. Jubileet må skape begeistring for Ivar Aasen og språk, og vere prega av humor, sjølvironi og det uhøgtidlege.

Arbeidet held fram.

# Nynorsk kultursentrum

## Statistikk 2000-2008

	2000-2005	2006	2007	2008	I alt
<b>ÅRSVERK</b>	66,7	11,2	12,1	13,6	103,6
<b>SAMLINGAR</b>					
Gjenstandar i alt	34 287	21 134	707	573	56701
Av dette tilfredsstillande registrert	14 884	269	395	269	15817
<b>DOKUMENTASJON</b>					
Nynorskbasen	3 508	48	24	2	3582
Artikelarkivet	3 569	1310	877	587	6343
<b>GJESTER</b>					
<b>Vanlege gjester</b>					
Vår	25 861	4 443	3 531	7 642	41477
Sommar	20 408	2 531	2 053	2 756	27748
Dei nynorske festspela	33 602	6 252	6 136	6 208	52198
Haust	30 380	3 842	5 011	5 694	44927
<b>Sum vanlege gjester</b>	<b>110 251</b>	<b>17 068</b>	<b>16 731</b>	<b>22 300</b>	<b>166350</b>
<b>Nettstadbrukarar</b>					
Vår	286 165	400 683	101 564	101 389	889801
Sommar	305 155	37 336	33 939	91 292	467722
Haust	452 562	50 570	78 952	93 464	675548
<b>Sum nettstadgjester</b>	<b>1 043 882</b>	<b>488 589</b>	<b>214 455</b>	<b>286 145</b>	<b>2033071</b>
<b>SAMLA GJESTETAL</b>	<b>1 154 133</b>	<b>505 657</b>	<b>231 186</b>	<b>308 445</b>	<b>2199421</b>
<b>Gjester etter aktivitet</b>					
Utleige og eksternt	23 958	4 794	3 007	3 007	34766
Eigne arrangement	45 158	6 800	7 468	7 468	66894
Utstillinger	41 135	5 512	6 271	6 271	59189
<b>Gjester etter alder</b>					
Barn og unge	24 642	4 180	4 621	6 425	39868
Vaksne	86 609	12 888	12 125	15 875	127497
<b>ARRANGEMENT</b>					
Kulturprogram	310	54	71	58	493
Utstillinger	53	6	5	7	71
Vandreutstillingar	37	31	11	21	100
Dei nynorske festspela	267	41	42	61	411
Utleige	312	75	57	64	508
<b>Sum arrangement</b>	<b>979</b>	<b>207</b>	<b>186</b>	<b>211</b>	<b>1583</b>
<b>UTØVARAR</b>					
Kulturprogram	2 816	398	281	519	4014
Dei Nynorske Festspela	1 687	236	213	190	2326
<b>Sum utøvarar</b>	<b>4 503</b>	<b>634</b>	<b>494</b>	<b>709</b>	<b>6340</b>

# Kulturprogram og utstillingar 2008

Billettar på tlf. 70 04 75 85 eller  
[billett@aasentunet.no](mailto:billett@aasentunet.no)  
Informasjon på tlf. 70 04 75 85 eller 70 04 75 79  
Halv pris til barn der det ikkje er eigen barnebillett

## Vår

### LAURDAG 5. JANUAR – TYSDAG 5. FEBRUAR

Lindås folkeboksamling  
**Diktarens litterære liv. Olav Duun**  
Vandreutstilling frå Ivar Aasen-tunet  
Arrangør: Lindås folkeboksamling

MÅNDAG 7. – TORSdag 10. JANUAR  
Nordbyen skole, Bolsøya skole, Langmyra skole  
**Katta i sekken**  
I.– 4. klasse ut på tur i litteraturen med tunkatten Lurivar (Kristin Bolstad) og forfattaren Hilde Myklebust  
I samarbeid med Møre og Romsdal fylke

TORSdag 10. JANUAR – TORSdag 28. FEBRUAR  
Osterøy folkebibliotek  
**Halldis i livet. Halldis Moren Vesaas 1907–1995**  
Vandreutstilling frå Ivar Aasen-tunet  
Arrangør: Osterøy folkebibliotek

MÅNDAG 14. – FREDAG 18. JANUAR  
Langmyra skole, Vågsetra barne- og ungdomsskole, Sellanrå skole  
**Katta i sekken**  
I.– 4. klasse ut på tur i litteraturen med tunkatten Lurivar (Kristin Bolstad) og forfattaren Hilde Myklebust  
I samarbeid med Møre og Romsdal fylke

TYSDAG 15. JANUAR – LAURDAG 9. FEBRUAR  
Norveg, Rørvik

**Songen om kysten**  
Vandreutstilling frå Ivar Aasen-tunet  
Arrangør: Norveg

SØNDAG 20. JANUAR  
13.00–16.00 Salen, Ivar Aasen-tunet  
**Den gode ruskevêrsdagen**  
Familiedag med Eli Kari Gjengedal om vêr og vind  
Olav Hauso fortel meir om *Voldaveiret* enn mange har godt av å vite  
I samarbeid med forlaget Skald og [www.voldaveiret.no](http://www.voldaveiret.no)  
Kr 50 /150 familie

ONSDAG 23. JANUAR  
12.30–13.30 Bjørnsonhuset, Molde  
**Katta i sekken**  
Ut på tur i litteraturen med tunkatten Lurivar (Kristin Bolstad) og forfattaren Hilde Myklebust  
I samarbeid med Møre og Romsdal fylke  
**Tunkattens songbok**  
Lurivar opnar den nye songboka si på internett med hjelp frå informasjonsleiar Gaute Øvereng og formidlingsleiar Anne Marta Vinsrygg Vadstein  
Med tilskot frå ABM-utvikling

SØNDAG 27. JANUAR  
15.00–16.30 Salen, Ivar Aasen-tunet  
**Song og segn frå Blåmyra**  
Guri Aasen og Hemingen blandakor frå Ulsteinvik under dirigent Kåre Jørve med segner og songar frå Søre Sunnmøre  
Kr 100

MÅNDAG 28. JANUAR – FREDAG 1. FEBRUAR  
Flekke skule, Våge skule, Dingemoen skule, Brandsøy skule, Eikefjord barne- og ungdomsskule, Standal skule, Karstad skule  
**Katta i sekken**  
I.– 4. klasse ut på tur i litteraturen med tunkatten Lurivar (Kristin Bolstad) og forfattaren Hilde Myklebust  
I samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune

SØNDAG 3. FEBRUAR  
14.30–15.00 Basisutstillinga, Ivar Aasen-tunet

## **Diktarens utvegar. Olav H. Hauge 1908–1994**

Opning av ny temautstilling  
Udstillinga står til og med 23. juni  
I samarbeid med Hauge/Tveitt-jubileet 2008  
Gratis, elles inkludert i utstillingsbillett

SØNDAG 10. FEBRUAR – MÅNDAG 10. MARS

Meland folkebibliotek

## **Diktarens litterære liv. Olav Duun**

Vandreutstilling fra Ivar Aasen-tunet  
Arrangør: Meland folkebibliotek

LAURDAG 16. FEBRUAR

18.00–20.00 Basisutstillinga, Ivar Aasen-tunet

## **God natt, små og store!**

Nyskrivne godnathistorier  
Lesestund med Bergljot Engeset og Henning Rivedal  
Kveldsmat i kafeen  
Programmet høver for barn frå 5 år og oppover i lag med vaksne  
Finn fram nattdrakta og ta med pledd!  
I samarbeid med forlaget Skald  
Kr 50 /150 familie

FREDAG 22. FEBRUAR

19.30–22.00 Ivar Aasen-tunet

## **Før siste ferja går**

Kulturfest for alle kvelden før Eiksund-sambandet opnar  
Festleiar Kari Sørbø  
Med Unn Conradi Andersen, Ole Bergesen, Britt Pernille Frøholm, Kyrre Grimstad, Anniken Samuelsen Gulbrandsen, Øystein Orten og Hanne Stokke  
Kåseri av samferdsleminister Liv Signe Navarsete: "Etter neste tunnel"  
Gratis

SØNDAG 24. FEBRUAR

13.00–16.00 Kafeen, Ivar Aasen-tunet

## **Tunnelmiddag**

Kjøkkenleiar Milan Ilic feirar det nye Eiksund-sambandet med spesialmeny

15.00–16.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

## **Storm ved Stad**

Thomas Bickhardt fortel og viser lysbilete frå boka *Storm ved Stad* av Gry Hammer og Thomas Bickhardt  
I samarbeid med Selja forlag  
Kr 75 / gratis for gjester frå andre sida av Eiksund-sambandet

MÅNDAG 25.– FREDAG 29. FEBRUAR

Sunde skule, Sande skule, Viksdalen skule, Bygstad skule, Dalen skule, Vevring skule, Naustdal barne- og ungdomsskule

## **Katta i sekken**

I.– 4. klasse ut på tur i litteraturen med tunkatten Lurivar (Kristin Bolstad) og forfattaren Hilde Myklebust  
I samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune

LAURDAG 1. MARS – MÅNDAG 31. MARS

Lindås folkeboksamling

## **Halldis i livet. Halldis Moren Vesaas 1907–1995**

Vandreutstilling frå Ivar Aasen-tunet  
Arrangør: Lindås folkeboksamling

SØNDAG 2. MARS

15.00–16.30 Salen, Ivar Aasen-tunet

## **Å, eg veit meg ein song**

Anders Aschim presenterer den nye biografien om Elias Blix  
Allsong til tonefølgje av Ole Karsten Sundlisæter på flygel og trøorgel  
I samarbeid med Det Norske Samlaget  
Kr 100

MÅNDAG 3. – FREDAG 7. MARS

Leikanger ungdomsskule, Kaupanger skule, Flatbygdi skule

## **Det undrande språket**

Eit program om språk og identitet for 8. – 10. klasse ved Runar Gudnason og Marit Neergaard/Eirik Helleve  
I samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune

TORSDAG 6. MARS

12.00–13.15 Salen, Ivar Aasen-tunet

## **Lyskunstnaren Sverre Fehn**

Vi feirar opninga av det nye arkitekturmuseet i Oslo i dag med å vise eit unikt videooppptak av heile Ivar Aasen-minneforedraget til Sverre Fehn i Aasen-tunet 23. juni 2000  
Gratis

LAURDAG 8. MARS

11.00–17.00 Ivar Aasen-tunet

## **Vi skriv!**

Forfattaren Arnfinn Kolerud skriv med ungdom frå Eiksund-regionen  
Påmelding – meir informasjon på [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no)

SØNDAG 9. MARS

15.00–16.30 Salen, Ivar Aasen-tunet

## **Lyrisk vandring med Grieg**

Pianisten Liv Glaser framfører nokre av Edvard Grieg sine 66 lyriske stykke, utgitt på CD hausten 2007  
Kr 200

ONSDAG 12. MARS

21.00–22.30 Salen, Ivar Aasen-tunet

## **Nordisk ro**

Nils Økland (hardingfele), Sigbjørn Apeland (trøorgel) og Øyvind Skarbø (perkusjon)  
I samarbeid med Jazzklubben Volda Ørsta  
Kr 150 vaksne / 120 medlemer jazzklubben / 75 studentar

LAURDAG 15. MARS – TYSDAG 15. APRIL

Austrheim folkebibliotek  
**Diktarens litterære liv. Olav Duun**  
Vandreutstilling frå Ivar Aasen-tunet  
Arrangør: Austrheim folkebibliotek

ONSDAG 26. MARS

11.00–15.30 Salen, Ivar Aasen-tunet  
**Stortinget i tunet**  
Familie- og kulturkomiteen vitjar Ivar Aasen-tunet for første gong

TYSDAG 1. APRIL – ONSDAG 30. APRIL

Meland folkebibliotek  
**Halldis i livet. Halldis Moren Vesaas 1907–1995**  
Vandreutstilling frå Ivar Aasen-tunet  
Arrangør: Meland folkebibliotek

MÅNDAG 7. APRIL – FREDAG 11. APRIL

Torvmyrane skule, Florø barneskule  
**Katta i sekken**  
1.– 4. klasse ut på tur i litteraturen med tunkatten Lurivar (Aslak Strønen) og forfattaren Hilde Myklebust  
I samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune

TORSdag 10. APRIL – SØNDAG 1. JUNI

Ølen vidaregåande skule, Vindafjord  
**Striper, ruter, bobler**  
Vandreutstilling frå Ivar Aasen-tunet  
Arrangør: Ølen vidaregåande skule

MÅNDAG 14. – FREDAG 18. APRIL

Hafslo barne- og ungdomsskule, Luster ungdomsskule, Tangen skule  
**Det undrande språket**  
Eit program om språk og identitet for 8. – 10. klasse ved Runar Gudnason og Eirik Helleve  
I samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune

FREDAG 18. APRIL – ONSDAG 30. APRIL

Lindås folkeboksamling  
**Mannen som kristna landsmålet. Elias Blix**  
Vandreutstilling frå Ivar Aasen-tunet  
Arrangør: Lindås folkeboksamling

SØNDAG 20. APRIL – TYSDAG 20. MAI

Modalen folkebibliotek  
**Diktarens litterære liv. Olav Duun**  
Vandreutstilling frå Ivar Aasen-tunet  
Arrangør: Modalen folkebibliotek

TORSdag 1. MAI – LAURDAG 31. MAI

Austrheim folkebibliotek  
**Halldis i livet. Halldis Moren Vesaas 1907–1995**  
Vandreutstilling frå Ivar Aasen-tunet  
Arrangør: Austrheim folkebibliotek

LAURDAG 10. MAI – SØNDAG 31. AUGUST

Høyanger folkebibliotek  
**Med blikk for republikk**  
